

UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP



Forord

Denne masteroppgåva markerar avslutninga på eit fem år langt studium i landskapsarkitektur ved Institutt for landskapsplanlegging, Universitetet for Miljø – og Biovitenskap (UMB).

Interessa mi for stølslandskapet i Valdres er to-delt. For det fyrste ligg mykje av motivasjonen min for denne oppgåva i at eg er oppvaksen på eit støslag i Valdres, og difor har god kjennskap til dette landskapet. Vidare vart interessa mi for dette temaet vekt relativt tidleg i landskapsarkitekturstudiet, då eg i 2008 tok kurset LAA234 – Landskapsanalyser, som vart gjennomført i Valdres. Eg gjorde ei landskapsanalyse på støslaget Trøllhøvd på Vaset i Vestre Slidre kommune, og det var gjennom denne oppgåva eg fekk ei meir fagleg interesse for stølslandskapet. Gjennom dette kurset fekk eg eit innblikk i dei komplekse problemstillingane som knyter seg til stølslandskapet, og det gav meirsmak til å finne ut endå meir om kva for utfordringar dette landskapet står ovanfor.

I tillegg til dette hadde eg lyst til å gå djupare inn i problemstillingar rundt regional utvikling, ved å sjå nærare på regionalparkar. Etter mange år som skuleelev i Frankrike, hadde eg lyst å utnytte den fordelen eg har ved å kjenne landet og språket, til å verta betre kjend med regionalparkane i Frankrike.

Eg vil takke alle dei positive og trivlege menneskja som har hjelpt meg undervegs i arbeidet, både gjennom intervju, utlån av bilete, konstruktive diskusjonar og korrekturlesing.

Til sist vil eg rette ein takk til veiledaren min Morten Clemetsen for støtte og hjelp gjennom heile oppgåva.

Ås, 11. mai 2012

Synnøve Fodnes

Sammendrag

Dei rurale stroka i Noreg er prega av nedgang i folketal og nedlegging av gardar. Dette gjev mellom anna konsekvensar for viktige natur, - kultur, - og landskapsverdiar i desse områda. På bakgrunn av desse utfordringane har det vekse fram eit behov i Noreg for å finne nye modellar for å forvalte landskapet i dei rurale stroka. Dette har ført til at Noreg har utvikla eksempel på regionale parkmodellar etter forbilde frå Europa, for å sjå om dette kan vere ein måte og møte utfordringane i Bygde – Noreg på. Denne oppgåva har sett nærare på om regionalparkar kan vere eit godt verktøy for å forvalte verdifulle landskap.

Problemstillingane for oppgåva har vore:

- Korleis kan Valdres Natur – og Kulturpark vere eit hensiktsmessig verktøy i forvaltinga av stølslandskapet i Valdres?
- Kva for lærdom kan Valdres Natur - og Kulturpark hente frå dei franske regionale naturparkane når det gjeld organisering av parken og konkrete tiltak for landskapsforvaltinga?
- Kan stølslandskapet i Valdres vere ein framtidig næringsressurs i regionen?

Utgangspunktet for å svare på problemstillingane var eit litteraturstudie. For å kunne aktualisere og spisse diskusjonen i større grad enn kva som er mogleg gjennom litteraturstudiet vart det også nytta nokre djubdeintervju.

Det vart gjennomført eit eksempelstudie frå Valdres, for å sjå kva for utfordringar som knytter seg til stølslandskapet, samt kva Valdres Natur – og Kulturpark har bidrege med i forvaltinga av dette landskapet.

På bakgrunn av resultatane vart det drøfta korleis Valdres Natur – og Kulturpark kan vere ein viktig aktør for å fremme landskapet som ein viktig ressurs i det framtidige landbruket i Valdres, der stølslandskapet kan spele ei viktig rolle som framtidig næringsressurs. Det kom fram at ei god forankring av Valdres Natur – og Kulturpark lokalt er eit viktig grunnlag for at parken skal kunne vere ein aktør i stølslandskapsforvaltinga. Vidare vart det drøfta korleis Valdres Natur – og Kulturpark, gjennom konkrete tiltak i form av ei heilskapleg kartlegging av stølslandskapet og utarbeiding av eit felles rammeverk for denne forvaltinga, kan vere eit godt verktøy i stølslandskapsforvaltinga. For at parken skal kunne gjennomføre gode prosjekt som kan bidra i forvaltinga er det særleg viktig med langsiktig tenking.

Summary

Norwegian rural areas are experiencing decreasing population growth and cessation of farms and farming activities. This has serious consequences for important natural- cultural- and landscape qualities in these areas. Due to these challenges there is a growing demand in Norway to find new models for managing landscapes in rural areas. For that reason, examples of regional parks have been developed to investigate whether such parks are suitable to meet current challenges in the Norwegian countryside. This study has examined whether establishment of regional parks may be an appropriate tool for managing valuable landscapes.

The objectives of this study were to investigate the following questions:

- How can the establishment of Valdres Natur- og Kulturpark be a suitable tool for managing mountain landscapes with summer dairy farms in Valdres?
- Which lessons can Valdres Natur- og Kulturpark learn from French regional parks when it comes to organization of the park and practical arrangements designed to manage mountain landscapes with summer dairy farms?
- Could the summer dairy farm landscape in Valdres be a future resource in development of this region?

The starting point to answer these questions was a study of available literature. To be able to actualize and bring the discussion further than possible from merely reviewing literature, some depth interviews were also included in the study.

A case study from Valdres was performed to identify potential challenges associated with the summer dairy farm landscape in this region, and to investigate the contribution of Valdres Natur- and Kulturpark in managing this type of landscape.

The results from the case study provided background material enabling discussion of how Valdres Natur- og Kulturpark could be an important driver fronting the landscape as an important resource in future agriculture in Valdres, where the summer dairy farm landscape may play an important role as a future resource for developing the region. It turned out that proper anchoring of Valdres Natur- og Kulturpark locally is an important foundation for the regional park to be a successful actor in management of this cultural landscape. Further it was discussed how Valdres Natur- og Kulturpark, through actions such as a thorough mapping of the summer dairy farm landscape and preparing a common framework for management, could be a good tool for managing the summer dairy farm landscape. To secure that the regional park implements good projects that may actually contribute to management, long-term thinking is especially important.

Innhold

1.0 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for val av tema	2
1.2 Problemstilling	2
1.3 Avgrensing og omgrepsavklaring	3
1.4 Oppbygging av oppgåva.....	4
2.0 Metode.....	6
2.1 Litteraturstudie	6
2.2 Intervju	7
2.3 Telefonintervju og intervju over e-mail	8
2.4 Mine egne erfaringar som metode.....	8
3.0 Teori	10
3.1 Internasjonalt og nasjonalt rammeverk for landskapsforvaltning	10
3.2 Landskapet som ressurs for utvikling.....	11
3.3 Regionalpark som organisatorisk grep for brei verdiskaping	13
3.4 Stølslandskapet.....	18
4.0 Resultat – Eksempelstudie frå Valdres.....	22
4.1 Valdres	22
4.2 Valdres Natur - og Kulturpark	29
4.3 Stølslandskapet i Valdres	31
4.4 Valdres Natur – og Kulturpark og stølslandskapet	35
5.0 Diskusjon.....	37
5.1 Landskapspolitikk	37
5.2 Forankring	39
5.3 Kartlegging av stølslandskapet i Valdres	42
5.4 Valdres Natur – og Kulturpark som rettleiande organ for framtidig utvikling av stølslandskapet i Valdres	44
5.5 Erfaringar frå Frankrike.....	46
5.6 Framtidig strategi for Valdres Natur – og Kulturpark.....	47
5.7 Refleksjonar	47
6.0 Avslutning	49
7.0 Litteraturliste	50
8.0 Vedlegg	57

1.0 Innleiing

Bygde – Noreg er prega av negativ befolkningsutvikling og eit landbruk under sterkt press. Særleg er bygdene i indre og høgareliggjande delar av Noreg prega av nedlegging av gardsbruk og fråflytting. Det er ofte i desse rurale stroka ein finn dei mest verdifulle natur, - kultur, - og landskapskvalitetane i Noreg, og det er desse verdiane som lir under nedlegging av gardar og fråflytting frå bygdene. Resultatet er ofte at landskapsområde vert lagt brakke, prega av gjengroing og forfall, noko som påverkar mellom anna opplevingskvalitetane i landskapet og det biologiske mangfaldet. Bygdene mistar sin attraktivitet, både for fastbuande og turistar (Brandtzæg 2010).

På bakgrunn av desse utfordringane har det vekse fram eit behov for nye modellar og strategiar for korleis ein skal forvalte landskapet i dei rurale stroka i Noreg (Brandtzæg 2010). Mellom anna kan fjellregionsatsinga frå 2004 nemnast, der det vart fremma eit auka fokus på dei spesielle utfordringane fjellregionane står ovanfor (Oppland fylkeskommune et al. 2004). Vidare vart det i St. meld. Nr 16 2003-2004 *Leve med kulturminner* (Det kongelige miljøverndepartement 2004 - 2005) fokusert på korleis kulturarven kan vere ein ressurs for verdiskaping. Lenger sør i Europa, til dømes i Frankrike, har dei møtt på dei same utfordringane som her i Noreg. I Frankrike vart regionalparkmodellen utvikla som eit mogleg svar på dei utfordringane dei stod ovanfor. Føremålet til regionalparken var å bidra til ei meir dynamisk områdeforvaltning, og rural og regional utvikling (Bjørnstad 2010b; Parcs naturels régionaux de France 2007). Regionalparkane har vore ein viktig del av landskapsforvaltninga i Frankrike heilt sidan 1960 - talet (Parcs naturels régionaux de France 2007).

Noreg har dei siste åra byrja prøve ut regionalparkmodellen for å sjå om denne modellen kan tilpassast dei utfordringane ein står ovanfor i Noreg. Det er mogleg denne modellen kan bidra til å auke attraktiviteten til landskapet og bygdene i dei rurale stroka ved å nytte natur, kultur og landskap som ressurs for samfunnsutvikling (Brandtzæg 2010). Regionalparkkonseptet er relativt nytt i Noreg (Svardal et al. 2008), og i kva mon dette er ein god modell for forvaltninga av landskapet er eit aktuelt tema i Noreg i dag.

Eg vil i denne innleiinga presentere bakgrunn for val av tema og problemstillingar. Vidare vil eg vise til kva for avgrensingar eg har gjort, samt avklare omgrep som vert brukt i oppgåva.

1.1 Bakgrunn for val av tema

I denne oppgåva har eg valt å fokusere på korleis regionalparkar kan bidra i forvaltinga av verdifulle landskap. Eg har valt og sjå nærare på stølslandskapet som døme på eit verdifult landskap i Noreg. Mykje av grunnen til dette er at eg er vaksen opp i stølslandskapet i Valdres, som er ein kjerneregion for støldrif i Noreg. Kvar sommar frå eg var liten har eg budd på stølen, og levd i dette landskapet som er prega av eit samspel mellom menneskje, dyr og natur gjennom fleire hundre år. Eg har også sett korleis aktive stølar i stølslaget forsvinn ein etter ein, og korleis landskapet sakte endrar seg.

Engasjementet mitt for Valdres og stølslandskapet i regionen, har kome over lengre tid. Etter eg byrja å studere landskapsarkitektur, vart eg interessert i å finne ut meir om moglege framgangsmåtar for å forvalte det levande stølslandskapet i Valdres.

1.2 Problemstilling

Hovudmålet med denne oppgåva er å sjå nærare på i kva mon regionalpark kan vere eit godt verktøy for å forvalte verdifulle landskap. For og freiste å finne svare på dette, tek oppgåva utgangspunkt i eit eksempelstudie frå Valdres Natur - og Kulturpark. Det er fleire grunnar til at eg har valt denne regionalparken som studieområde. For det fyrste var Valdres Natur - og Kulturpark den fyrste regionalparken som vart etablert i Noreg. Vidare er det eit rikt og levande stølslandskap i Valdres, noko som gjer til at denne regionen er interessant å studere nærare.

Fylgjande problemstillingar vil verta undersøkte i denne oppgåva:

Hovudproblemstilling:

Korleis kan Valdres Natur - og Kulturpark vere eit hensiktsmessig verktøy i forvaltinga av stølslandskapet i Valdres?

Underproblemstillingar:

- Kva for lærdom kan Valdres Natur - og Kulturpark hente frå dei franske regionale naturparkane når det gjeld organisering av parken og konkrete tiltak for landskapsforvaltinga?
- Kan stølslandskapet i Valdres vere ein framtidig næringsressurs i regionen?

1.3 Avgrensing og omgrepsavklaring

Eg har valt å nytte dei franske regionale naturparkane som døme på ein europeisk regionalparkmodell i denne oppgåva. Føremålet med dette er å sjå om det er lærdom som kan overførast til regionalparkarbeidet i Noreg. Dei franske regionale naturparkane er interessante for denne oppgåva mellom anna fordi dei har eksistert sia 1960 talet, og mest sannsynleg har gjort seg gode erfaringar undervegs. Vidare har den delen av Frankrike som ligg i nærleiken av, og i Alpene, mange av dei same utfordringane som er å finne i Valdres. I tillegg til dette er Valdres Natur – og Kulturpark inspirert av den franske regionalparkmodellen, noko som gjer til at det er ekstra interessant å bruke dei franske regionale naturparkane i denne oppgåva.

Nokre omgrep som vert nytta i oppgåva vert definerte her. Resten vert definert i eigne kapitittel i teoridelen.

Berekraftig utvikling

Denne oppgåva tek utgangspunkt i Brundtlandkommisjonen sin definisjon frå 1987, over kva som ligg i omgrepet berekraftig utvikling. Ei berekraftig utvikling inneber at den noverande generasjonen kan ivareta sine behov utan at høve for den komande generasjon til å tilfredsstille sine behov vert øydelagde (Nærings - og handelsdepartementet 2007).

Immatriell kulturarv

Immateriell kulturarv er kulturminner som er å finne anten i skriftlig form, eller i form av historier, eventyr, song og dans (Miljølære.no).

Kulturlandskap

Kulturlandskap har oppstått ved at menneskje har brukt naturen. Kulturlandskap tyder i denne oppgåva alt landskap som er påverka av menneskje (Miljøstatus 2012).

Kulturminne

Denne oppgåva tek utgangspunkt i den definisjonen av kulturminne som kjem fram i Kulturminneloven (1978): paragraf 2, 1. ledd

“Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter som det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til”

Landskapsforvaltning

Denne oppgåva tek utgangspunkt i den Europeiske landskapskonvensjonen sin definisjon av landskapsforvaltning (Regjeringen 2000), kapittel 1, artikkel 1:

“Landskapsforvaltning” betyr tiltak som sikrer regelmessig skjøtsel av et landskap, slik at forandringer som forårsakes av sosiale, økonomiske og miljømessige prosesser styres og samordnes, med sikte på en bærekraftig utvikling”.

Merkevarebygging

I fylgje Kotler (2005) handler merkevarebygging om “å skape, holde i hevd, verne om og styrke et varemerke”. Dette krever langsiktige investeringer, der erfaringer med produktet er viktig. Merket bør ha eit namn, tegn, symbol eller anna, som identifiserer varen eller tenesten, og skil den frå konkurrentane (Kotler 2005).

Verdifulle landskap

Omgrepet verdifulle landskap er eit omgrep som vert nytta av den offentlege forvaltninga. I rapporten *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket* (Statens landbruksforvaltning et al. 2007) vert omgrepet verdifulle landskap nytta om heilskaplege landskap som er forma av langvarig, kontinuerlig og tradisjonell bruk. Desse landskapsområda har store kulturhistoriske og biologiske/økologiske verdiar. I rapporten *Strategi for arbeid med landskapet* (Riksantikvaren & Direktoratet for naturforvaltning 2005) vert det definert kva som vert lagt i omgrepet landskapsverdiar. I denne rapporten tyder dette verdiar som er knytt til landskapsformer, biologisk mangfald og økologi, kulturpåverknad og kulturspor, samt natur, - og kulturhistorie. Slik ser ein at dette er eit omgrep som vert nytta i den offentlege forvaltninga. Definisjonen på kva det inneber kan variere noko.

I denne oppgåva tyder verdifulle landskap levande landskap som er rike både på naturverdiar og kulturverdiar. Vidare er desse landskapa ein del av eit landskapsmangfald som er felles for alle menneskje, uavhengig av landegrensar. Stølslandskapet er eit døme på eit verdifullt landskap.

1.4 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva består av fire deler. Fyrste del av oppgåva presenterer den metoden som er nytta for å svare på problemstillingane. Den andre delen av oppgåva er den teoretiske bakgrunnen. I denne delen vert relevant teori presentert. Den tredje delen av oppgåva er resultatdelen, som i

denne oppgåva er eit eksempelstudie frå Valdres. I denne delen av oppgåva vert ulike aspekt ved Valdres, stølslandskapet i Valdres og Valdres Natur – og Kulturpark belyst. Siste del av oppgåva er diskusjonen, der teori og empiri vert diskutert opp mot dei aktuelle problemstillingane i oppgåva.

2.0 Metode

Dette er i all hovudsak ei teoribasert oppgåve som ser på regionalpark som mogleg modell for landskapsforvaltning. Utgangspunktet for å svare på problemstillingane er eit litteraturstudie. For å spisse og aktualisere oppgåva i større grad enn kva som er mogleg gjennom eit reint litteraturstudie, er det i tillegg gjennomført nokre intervju.

2.1 Litteraturstudie

Denne oppgåva baserer seg i all hovudsak på eit litteraturstudie. I litteratursøket har det vorte nytta faglitteratur og internett for å finne relevant materiale.

Litteraturen eg har nytta i arbeidet med oppgåva har vore faglitteratur mellom anna innan landskapsforvaltning, regional utvikling, stølslandskap og europeiske landskap. Eg har fått kjennskap til litteraturen gjennom landskapsarkitekturstudiane, samt fått råd av veileidar om relevant litteratur. Eg har hatt fokus på å nytte primærkjelder i arbeidet.

Søk etter relevant litteratur på internett har også vore ein del av litteraturstudiet. Særleg har dette vore til hjelp der eg har hatt behov for oppdatert talmateriale, nyare rapportar, osv. Når ein bruker internett, og ulike internettsider som kjelde, er det viktig og vere kritisk til kva kjelder ein vel å bruke. Dette har eg vore merksam på under heile prosessen, og har berre nytta seriøse internettsider. Døme på dette er heimesidene til regjeringa, direktoratet for naturforvaltning og riksantikvaren. Eg har konsekvent latt vera å nytte internettsider som wikipedia og liknande.

For å finne fram til faglitteratur har eg i all hovudsak nytta det elektroniske fulltekst biblioteket til Universitetet for Miljø- og Biovitenskap og google scholar. I tillegg har eg gjort meir generelle søk på kvasir. Eg har nytta fleire søkjeord, men dei mest sentrale er: Regionalpark, Brei verdiskaping, Parcs Naturels Régionaux, Plan Pastoral Territorial, Berekraftig utvikling, Valdres Natur – og Kulturpark, den Europeiske landskapskonvensjonen, støling og stølslandskap.

Eg har nytta fleire franske internettsider, heimesider til franske regionale naturparker, rapportar, skriv, osv. Etter fleire år som student i Frankrike, både skriv og les eg godt fransk. Når eg har nytta informasjon frå desse stadene, har eg fritt oversett dette til norsk.

2.2 Intervju

Det vart gjennomført tre djubdeintervju i arbeidet med oppgåva.

2.2.1. *Kvifor intervju*

Føremålet med intervjuet var å spisse diskusjonen i større grad enn kva som var mogleg på bakgrunn av litteraturstudiet. Ved å bruke intervju var det mogleg å løfte litteraturstudiet til å få ein meir aktualisert dimensjon.

Når det gjeld val av intervjuobjekt var det viktig for oppgåva at intervjuobjekta hadde god kjennskap til Valdres og dei problemstillingane som knyter seg til regionen. Samstundes var det interessant at intervjuobjekta hadde litt ulik innfallsvinkel, for å få større breidde i svara. Resultatet vart eit intervju med ein hytteeigar i Valdres, samt to personar frå den offentlege forvaltninga der ein i tillegg er mjølkebonde. Med hensikt valde eg ut personar som er spesielt interesserte i Valdres, og den regionale utviklinga her, og desse intervjuobjekta representerer difor ikkje den generelle folkemeininga i Valdres.

2.2.2. *Korleis intervjuet gjekk føre seg*

Intervjuet var gjennomført i form av djubdeintervju, med ein personleg samtale mellom meg og intervjuobjektet. På førehand vart det utarbeidd ein intervjuguide (sjå vedlegg), som eg nytta som utgangspunkt under intervjuet. Intervjuguiden representerte dei tema eg ville innom i løpet av samtalen, samstundes som det var opent for å gå inn på andre emne som kom fram under samtalen. Eg brukte bandopptakar under intervjuet, slik at eg i ettertid hadde høve til å gå tilbake for og høyre på det som kom fram i intervjuet. I tillegg til dette skreiv eg eit resumé med ein gong etter endt intervju. Intervjuet varte mellom ein til to timar.

2.2.3. *Korleis informasjonen frå intervjuet er integrert i oppgåva*

Det er særskild viktig å leggje vekt på at det som kom fram under intervjuet er ikkje representativt, og viser ikkje til ei generell folkemeining. Det var heller ikkje målet med intervjuet.

Informasjonen som kom fram i løpet av intervjuet er ikkje nytta som fakta i oppgåva. I staden har informasjonen bidrege til å belyse og underbyggje tema som har kome fram gjennom litteraturstudiet. Intervjuet gav også ein peikepinn på korleis diskusjonen kunne vinklast for å aktualisere den opp mot dagens situasjon.

Intervjuobjekta har eg valt og halde anonyme av omsyn til personvern. Ut frå måten eg har nytta intervjuet i oppgåva har eg vurdert det slik det ikkje har vore naudsynt å presentere namn og yrke på intervjuobjekta.

2.3 Telefonintervju og intervju over e-mail

I arbeidet med å finne gode døme på regionalparkar i Frankrike, har eg i nokre tilfelle teke direkte kontakt med personar som arbeider i dei ulike franske regionalparkane. Dette har eg gjort dels ved å stille spørsmål over e-mail, dels ved å ta kontakt per telefon.

Eg både snakkar og skriv godt fransk, men det er likevel viktig og ta høgde for mistydingar og feiltolkningar i dei svara eg har fått, då dette ikkje er morsmålet mitt. I tillegg til språkbarrieren er det viktig å vere klar over at det å stille spørsmål over e-mail og telefon kan vera begrensande ved at ein risikerer å få lite utfyllande svar. Og det er også i denne samanheng rom for misforståelser då ein ikkje har anledning til å forklare dei ulike spørsmåla meir inngåande. Eg har vore bevisst dette i arbeidet, og har teke omsyn til det i måten eg har valt å bruke informasjonen.

Føremålet med desse små intervjuet til franske regionalparkar har vore å finne døme som det kan visast til i diskusjonen. Desse døma fungerer meir veileiande enn at dei vert brukte som fakta, og difor fungerer den metoden som er nytta her.

2.4 Mine egne erfaringar som metode

Mine egne erfaringar er også ein form for metode som har vorte nytta i arbeidet med denne masteroppgåva. Eg er vaksen opp på ein gard i Valdres, og har eit nært forhold til stølslandskapet då eg har tilbragt alle somrane mine her sidan eg var liten. I tillegg til at eg kjenner Valdres, har eg også fulgt den utviklinga som har vore i regionen, særleg frå etableringa av Valdres Natur - og Kulturpark og fram til i dag. Eg kjenner til dei ulike aktørane og har fulgt med på debattane. Dette har heilt klart påverka denne oppgåva. Eg har brukt min ståstad, min kjennskap og kunnskap om Valdres, til å svare på problemstillingane. Eg har under heile prosessen med oppgåva vore bevisst at mitt syn og mine personlege erfaringar vil påverke oppgåva. Samstundes har eg jobba mykje med å distansere meg, slik at oppgåva ikkje vert prega av min bakgrunn som gardsjente frå Valdres. Føremålet med oppgåva er å sjå på regionalpark som modell for å forvalte landskap, og det er eit poeng at diskusjonen rundt denne problemstillinga vert sakleg og mogleg å relatere seg til sjølv om ein

ikkje kjem frå Valdres. Dette har eg oppnådd ved å lyfte blikket og sjå Valdres i eit meir internasjonalt lys, mellom anna gjennom døme frå Frankrike.

3.0 Teori

I det fylgjande vil det bli presentert teori rundt nasjonale og internasjonale rammer for landskapsforvaltning, regionalpark som strategi for regional utvikling, samt teori om støling og stølslandskap.

3.1 Internasjonalt og nasjonalt rammeverk for landskapsforvaltning

Internasjonale forpliktingar og nasjonalt lovverk legg grunnlaget for landskapsforvaltninga i Noreg. Dei mest sentrale konvensjonane og lovane for forvaltning av landskap vil verta kort presenterte her.

3.1.1. Internasjonale konvensjonar

Den europeiske landskapskonvensjonen

Noreg var det fyrste landet som godkjente den Europeiske landskapskonvensjonen, som trådte i kraft i 2004. Bakgrunnen for arbeidet med konvensjonen var måten omgivelsane våre endrar seg i stadig raskare tempo. Dei endrar seg mellom anna som ein konsekvens av stort utbyggingspress, nye driftsformer i landbruket og større krav til infrastruktur. Dette kan gje eit fragmentert landskap. Konvensjonen ynskjer å fremme behovet for ei meir overordna planlegging, med fokus på samanheng, langsiktigheit og forutsigbarheit i samfunnsutviklinga (Regjeringa 2009a). Konvensjonen oppfordrar medlemslanda til å ha eit auka fokus på landskap gjennom planlegging, forvaltning og vern av landskapet (Regjeringa 2009a; Svardal et al. 2008). Gjennom den Europeiske landskapskonvensjonen har Noreg forplikta seg til å ha eit auka fokus på heilskapleg planlegging, forvaltning og vern av landskapet.

Konvensjonen om biologisk mangfald

Konvensjonen om biologisk mangfald vart vedteke under Rio – konferansen i 1992 (Regjeringa 2009b). Noreg er ein av dei 192 landa som har ratifisert konvensjonen (Miljøstatus 2011). Konvensjonen om biologisk mangfald tek sikte på vern og berekraftig bruk av alt biologisk mangfald (Regjeringa 2009b). Det har vorte bestemt at konvensjonen skal arbeide for at tapet av naturmangfald skal stoppast innan 2020 (Direktoratet for naturforvaltning 2011a). Slik har Noreg eit internasjonalt ansvar for å ta vare på det biologiske mangfaldet, samt bidra til å stoppe tapet av naturmangfaldet.

Konvensjon om bevaring av verdens kultur – og naturarv

UNESCO sin konvensjon for vern av verdas kultur - og naturarv vart vedteke i Paris, den 16.oktober 1972 (Regjeringen 2000). Konvensjonen er ein global avtale som tek sikte på å identifisere, verne, bevare, formidle og overføre den verdsarven som kvar av partslanda sit med, til framtidige generasjonar. Ved å vedta konvensjonen forpliktar medlemslanda seg til å gjere det dei kan for å ta vare på den verdsarva dei disponerer i sitt eige land. Det er opp til kvart av landa å tilpasse sikring og forvaltning av viktige verdiar med utgangspunkt i eksisterande lovverk og eigne ressursar (Direktoratet for naturforvaltning 2010). Noreg har, som eit av landa som har ratifisert konvensjonen, eit ansvar for å ta vare på natur, - og kulturverdiar i landet.

3.1.2. Nasjonalt rammeverk

I arbeidet med landskapet i Noreg er det fyrst og fremst plan – og bygningsloven, kulturminneloven og naturmangfaldloven som er dei aktuelle lovane. I Noreg utgjer verneområda (etter naturmangfaldloven og kulturminneloven) 14 prosent av landarealet. Forvaltingsansvaret for desse verneområda ligg hos staten. 86 prosent av landarealet i Noreg vert forvalta gjennom plan – og bygningslova. Det vil seie at det ligg eit stort ansvar på kommunalt og regionalt nivå for å forvalte landskapet i Noreg, og for å nå nasjonale mål (Regjeringen 2009a). Då det meste av ansvaret for landskapsforvaltinga i Noreg ligg på lokalt nivå, vert det endå viktigare med heilskapleg forvaltning av landskapet.

3.2 Landskapet som ressurs for utvikling

3.2.1. Det rurale landskapet i endring

Det rurale landskapet er prega av jordbruksaktivitet, og samspelet mellom natur, kultur og mennesket. Dei siste hundre åra har dette landskapet gått gjennom store endringar. Frå å vere eit tradisjonelt landskap prega av eit tradisjonelt jordbruk, endra landskapet seg til å verta eit moderne landskap som i stor grad var prega av ny teknologi innan jordbruk og fråflytting frå bygdene til fordel for byene. I dag har me det som kan kallast eit postmoderne landskap, der det er eit stort fokus på særpreget og attraksjonsverdien i det rurale landskapet (Haukeland 2010a). Opplevelseslandskapet er eit viktig omgrep i dag, der folk søker identitet og det ekte og nære i landskapet (Svardal et al. 2010). Landbruket i dei rurale stroka har vanskeleg for å fylgje landbruket i dei meir sentrale områda når det gjeld effektiv produksjon (Svardal 2010). Dette har ført til eit skifte i fokus for landbruket i dei rurale stroka til ei auka interesse for å

nytte landskapet som ressurs for ny og utvida verdiskaping. Dette er ein form for overlevingsstrategi for landbruket i utkantområda (Haukeland 2010a; Haukeland 2010b). I rapporten *Landskapsøkonomi* (Haukeland 2010a) vert omgrepet *det landskapsøkonomiske perspektivet* introdusert. Dette tek føre seg korleis landskapet kan transformerast til å verta ein ressurs for økonomisk utvikling, samstundes som den økonomiske utviklinga kan bidra til å sikre landskapsutviklinga.

3.2.2. Landskapet som ressurs for verdiskaping

Berekraftig utvikling av landskapet

For å bruke landskapet som ressurs for økonomisk utvikling er det viktig med ei berekraftig utvikling av landskapet. Det vil seie at ein ikkje skal forringe landskapet sine verdiar og kvalitetar gjennom ei økonomisk verdiskaping som er tufta på landskapet (Haukeland 2010a). I Stortingsmelding nr. 25 (Kommunal - og regionaldepartementet 2004-2005) *Om regionalpolitikken* kjem fyljande fram: “*Berekraftig utvikling omfattar både økonomisk berekraft, berekraft for miljøet og sosial berekraft, der også den kulturelle dimensjonen inngår. Utfordringa er å finne balansen mellom dei ulike perspektiva*”. Dette er altså utgangspunktet for ei berekraftig utvikling av landskapet.

Brei verdiskaping

Ein strategi for ei berekraftig utvikling av landskapet er det som vert kalla for brei verdiskaping. Den breie verdiskapinga har fokus på at den økonomiske verdiskapinga som er tufta på landskapet, må bli sett i samanheng med den sosiale, kulturelle og miljømessige verdiskapinga (Haukeland 2010a). Desse fire elementa er gjensidig avhengige av kvarandre (Bjørnstad 2010b). Det er landskapet som legg grunnlaget for kva ei berekraftig økonomisk utvikling av landskapet vil innebere, då breie verdiskapingsstrategiar tek utgangspunkt i dei ressursane og kvalitetane som karakteriserer eit område eller ein region (Brandtzæg 2010; Haukeland 2010a). Tabellen som fyljer viser kva som kan inngå i dei ulike formane for verdiskaping.

Tabell 1: Eksempel på indikatorar for brei verdiskaping. Kjelde (Bjørnstad 2010b s.173)

Miljømessig verdiskaping	Kulturmessig verdiskaping	Sosial verdiskaping	Økonomisk verdiskaping
Skjøtsel av landskap	Forståelse av historiske sammenhenger	Bevissthet og engasjement	Forretningsplaner
Bevaring av naturfaglige verdier	Identitet og stedstilhørighet	Forankring og mobilisering	Nyetableringer

Behov for samarbeid

Mange interesser er involverte i arbeidet med ei berekraftig utvikling av landskapet med grunnlag i ei utvida verdiskaping (Haukeland 2010a). Den breie verdiskaping forutsett at alle sektorar som er aktørar eller interessenter i verdiskapinga spelar på lag. Det vil vera naudsynt med samarbeid og koordinering på tvers av sektorar og myndighetsområde- og nivå (Brandtzæg 2010). Slik vil ein kunne arbeide i fellesskap om å få ei heilskapleg landskapsutvikling med fokus på den totale verdiskapinga (Haukeland 2010a).

Regionalpark er ein mogleg modell for korleis ein kan organisere seg på regionalt nivå for å fremme landskapet som brei verdiskapar (Brandtzæg 2010).

3.3 Regionalpark som organisatorisk grep for brei verdiskaping

Det vil i det fyljande bli gått inn på kva som kjenneteiknar ein regionalpark, kva den har som føremål og kor langt arbeidet med regionalparkar har kome i Noreg og i Frankrike.

3.3.1. Konseptet regionalpark

Definisjonar på ein regionalpark

I rapporten *Regionalpark som utviklingsstrategi - en introduksjon* (Svardal et al. 2008 s.10) står fylgjande definisjon på kva ein regionalpark er;

“En dynamisk og langsiktig samarbeidsplattform for lokalsamfunn, myndigheter og næringsliv med interesser i et angitt og bosatt landskapsområde, som ivaretar og videreutvikler områdets natur - og kulturverdier, støtter lokal deltakelse, fremmer berekraftig verdiskaping og merkevarebygging gjennom integrert områdeforvaltning og stedsutvikling.”

I stortingsmelding nr.26 (Det kongelige miljøverndepartement 2006-2007) vert det formulert kva målsetjingar ein regionalpark har;

“En regionalpark har som formål å sette i gang og å organisere regional utvikling ved å ta vare på og utvikle natur, miljø, kultur og menneskelige ressurser i regionen.”

Ein regionalpark skal altså vere ein samarbeidsplattform mellom lokale myndigheter, det lokale næringsliv og lokalbefolkninga i eit gitt landskapsområde med verdifulle natur - og kulturkvalitetar. Parken skal bidra til ei berekraftig regional utvikling. Samarbeidet er frivillig, som oftast er det regionen sjølv som tek initiativet til etableringa av parken. Ein regionalpark har ei breiare og meir integrert tilnærming til landskapet enn ein tradisjonell nasjonalpark (Svardal et al. 2008; Svardal et al. 2010).

Avgrensing av ein regionalpark

Avgrensinga til ein regionalpark tek utgangspunkt i eit landskapsområde med viktige natur - og kulturverdier, som skil seg frå områda rundt. Det vil seie at avgrensinga til ein regionalpark ikkje nødvendigvis vert definert ut i frå administrative grenser som kommunegrenser og fylkesgrenser. Landskapsområdet kan ha formell vernestatus eller ikkje (Svardal et al. 2010). Det varierer frå land til land korleis avgrensinga av ein regionalpark går føre seg. Nokre stader er det presisert eit minimumsområde for parkar, andre stader skal det vera ein viss prosent verna landskap innanfor grensene til parken, og andre stader igjen er det ein lausare definisjon av regionalparkområde, som går utover dei administrative grensene i landet (Svardal et al. 2008).

Forankring av ein regionalpark

Føremålet med etableringa av ein regionalpark er å skape balanse mellom det å ta vare på natur - og kulturverdier, samstundes som lokalbefolkninga sine behov vert møtt ved ei berekraftig bruk, foredling og utvikling av desse verdiane. Då er det viktig at regionalparken

er godt forankra hos lokalbefolkninga, heilt ned på individnivå. Dette kan bli oppnådd gjennom gode modellar for mobilisering, deltaking og involvering for ulike grupperingar i parken. Det er også viktig at regionalparken har legitimitet oppover i forvaltingsnivåa (Svardal et al. 2010).

Charter – Samarbeidsavtale

Samarbeidet mellom dei ulike interessene og aktørane i ein regionalpark vert veldig ofte organisert i ei form for samarbeidsavtale, også kalla charter, som tek sikte på å vera langsiktig og forpliktande. Denne samarbeidsavtalen legg mellom anna føringar for det frivillige partnerskapet, korleis ei eventuell merkeordning skal nyttast, samt korleis parken føreheld seg til eksisterande lover og regler (Svardal et al. 2010).

Merkevarebygging

Eit viktig aspekt ved ein regionalpark er å fremje merkevarebygging av regionen (Svardal et al. 2008). I merkevarebygginga av ein region er det viktig å finne fram til det som er særlege ved regionen. Det særlege og unike ved regionen må kommuniserast fram til publikum på ein tydeleg måte. Om ein klarer å gjennomføre ei solid merkevarebygging vil dette gje auka merkevarekapital, noko som i sin tur vil føre til at ein kan ta ein høgare pris for produkt og tenester om staden og namnet er kjend og har eit godt omdømme. Målgruppa for merkevarebygginga er både fastbuande, turistar og andre besøkande (Svardal et al. 2010).

3.3.2. Regionalparkar i Noreg

Det er ein relativt stor variasjon i kva regionalparkkonseptet kan innebere i dei ulike landa i Europa, ofte er det ulike kriterier for kva ein regionalpark skal arbeide med. I Noreg er det etablert eit nettverk for norske parkar som arbeider med kva kriterier som skal liggje til grunne for etablering av ein regionalpark i Noreg (Svardal et al. 2008).

I dag er det tre etablerte regionalparkar i Noreg; Valdres Natur - og Kulturpark, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Telemarkskanalen regionalpark (Parknytt 2011). Den fyrste parken som vart etablert var Valdres Natur,- og Kulturpark i 2007 (Riksantikvaren 2011). Arbeidet med regionalparkar er eit relativt nytt konsept i Noreg, difor er det interessant og lyfte blikket mot Europa og Frankrike, der tradisjonane for regionalparkar er langt meir innarbeidd enn i Noreg

3.3.3. Regionalparkar i Frankrike – Les Parcs Naturels Régionaux

I dag er det 47 regionale naturparkar i Frankrike (Fédération des Parcs naturels régionaux de France). Desse parkane dekkjer meir enn 13 % av landarealet (*Circulaire* 2008).

Bakgrunn for etableringa

Arbeidet med etableringa av dei franske regionale naturparkane starta allereie i 1964. Bakgrunnen for arbeidet var eit ynskje om å finne fram til ein parkmodell som var meir dynamisk enn nasjonalparkane for dei rurale, bebudde områda med særskilde natur, - og kulturverdiar (Parcs naturels régionaux de France 2008). I 1967 vart dei regionale naturparkane vedteke ved lov, og i 1968 vart den fyrste regionale naturparken, Saint-Amand-Raismes, etablert (Parcs naturels régionaux de France 2007). Dei regionale naturparkane vart etablert med det mål for auga å bidra til bygde – og regionalutvikling. Gradvis skifta fokuset til også å gjelde miljø og ivaretaking av landskap (Bjørnstad 2010b). Dei franske regionale naturparkane er finansiert av ei blanding av offentlege prosjektmidlar, partnerbidrag og sponsorar (Bjørnstad 2010b).

Definisjon

Ein fransk regional naturpark skal ha eit ruralt område som utgangspunkt, der landskapet og natur- og kulturverdiane har høg kvalitet, men samstundes er sårbare. Ein regional naturpark er organisert rundt eit prosjekt for berekraftig utvikling, med grunnlag i bevaring og utvikling av natur, - og kulturarv (Fédération des Parcs naturels régionaux de France). Avgrensinga til parken treng ikkje fylje administrative grenser (*Circulaire* 2008).

Kriterier for etablering

Det er fire kriterier som må oppfyllest for å kunne etablere ein regional naturpark (*Circulaire* 2008):

- 1) I kva mon området representerer eit natur, - kultur, - og landskapsmessig viktig element, både for den eller dei regionane det gjeld, men også på internasjonalt nivå. Vidare om området er avgrensa på ein samanhengande og logisk måte, sett ut i frå dei særskilde kvalitetane som er der.
- 2) I kva mon prosjekta som kjem fram i charteret til den regionale naturparken svarer tilfredsstillande på dei utfordringane området står ovanfor dei 12 kommande åra.

- 3) I kva mon dei ulike partane som er involverte har ressursar til å gjennomføre det eller dei prosjekta som kjem fram i charteret.
- 4) Motivasjon og besluttsomhet hjå dei involverte partane. (*Circulaire* 2008).

Charter

Med hjemmel i lov er dei partane (regionar, departement, kommune) som har signert charteret forplikta til og fylje og respektere charteret i sine prosjekt. Om desse forpliktingane vert brotne, kan domstol bli involvert av styret i parken (Parcs naturels régionaux de France 2008). Minimum tre år før charteret går ut må regionen/regionane i parken evaluere kva som har vorte gjennomført i forhold til målsetjingar i charteret. Om parken ikkje har fylgt opp måla som var satt i charteret, mister den klassifiseringa som regional naturpark (Parcs naturels régionaux de France 2008).

Nasjonalt nettverk for dei franske regionale naturparkane

Dei regionale naturparkane har eit felles nasjonalt nettverk, under namnet *La Fédération des Parcs naturels régionaux en France*. Nettverket er talerøyr for dei regionale naturparkane. Måla til nettverket er å representere interessene til dei regionale naturparkane i nasjonal og internasjonal samanheng, delta i politisk arbeid angående dei franske rurale områda, og formidle både i inn- og utland kva dei regionale naturparkane står for og kva dei arbeider for (Fédération des Parcs naturels régionaux de France). Nettverket bidreg også til kommunikasjon mellom parkane, ved mellom anna å opne for utveksling av erfaringar (Parcs naturels régionaux de France 2008).

3.4 Stølslandskapet

Denne delen av den teoretiske bakgrunnen tek føre seg den historiske utviklinga til stølslandskapet i Noreg, samt kva dette landskapet representerer både nasjonalt og internasjonalt.

3.4.1. Historisk utvikling av stølslandskapet

Definisjon stølsbruk

”Sæterbruk er det når ein gard (ein fast vinterbustad) har krøtera sine i sumarbeite på ein stad eit stykke frå garden der det er husvære og fast personale, så ein kan nytte ut større vidder til beite, som regel og til slått og onnor fôrsanking, og så ein kan spara heimemarkene og nå i betre beite, føde fleire krøter om vinteren og skaffe fôrråd til levemåten på den faste bustaden (garden)” (Reinton 1957).

Korleis stølslandskapet har vorte forma

Stølslandskapet er eit karakteristisk kulturlandskap, som har vorte forma av menneskje og dyr gjennom fleire hundre år (Norderhaug 1999; Sickel & Svalheim 2010). Stølsbruket har lange tradisjonar i Noreg. Ein går ut i frå at det fantes ei form for stølsbruk i fjellet allereie 600 år e.Kr. (Kvissel 1992).

Mest sannsynleg var det eit auka behov for beite og fôr i bygdene som førte til at stølsbruket oppstod. I fjellområda var det viktige unytta ressursar, og stølslandskapet vart forma av at dei ressursane fjellet og utmarka har å by på vart hausta (Kvissel 1992; Sickel & Svalheim 2010). Stølslandskapet vart nytta til beiting, slått og sanking av “attåtfôr” som lav, lyng og bark (Sickel & Svalheim 2010). I tillegg var skogen ein viktig ressurs. Det var her folk henta brensel til oppvarming og ysting, og trevirke til reiskap og never til torvtak, til å nytte både på stølen og heime på garden. Lauving var også i fleire høve ein del av stølsdrifta. Utnyttinga av skogen førte til at skoggrensa vart pressa nedover fleire stader, og ein har difor fått ei kunstig skoggrense som ikkje står i samsvar med klimaet (Norderhaug 1999).



Figur 1 Innmarka ved stølane er nytta til slått og fôret vert frakta ned til bygdene. Foto: Hanne Lykkja



Figur 2 Både innmark og utmark vert nytta til beiting. Beitinga er med på å forme stølslandskapet. Foto: Hanne Lykkja

Setertypar

Ein kan i hovudsak skilje mellom tre ulike typar stølar; heimstøl, mellomstøl og lang- eller fjellstøl. Dei to siste vert også omtala som sommarstølar (Reinton 1969). Alle stølstypene kan høyre til ein og same gard. Heimstølen, også kalla vår- og hauststøl, var ein stasjon på veg til langstølen (Daugstad & Sæter 2001). Når våren kom og det var grønt nok, ofte rundt jonsok, flytte gardsfolket til heimstølen. Her vart dei verande i om lag fjorten dagar før turen gjekk vidare til langstølen. Når sesongen på langstølen var over, stoppa ein gjerne ein gong til på heimstølen på veg ned til garden (Reinton 1969). Mellomstølen var ein mellomstasjon som låg mellom heimstølen og langstølen. Mellomstølar var ikkje å finne over alt, for det meste var dei å finne der langstølen låg særst langt borte. Langstølen var hovudstølen. Det var som oftast her dei beste beita var, og dette førte i sin tur til at det var god produksjon av kjøt, mjølk, ost, rømme og smør rundt langstølen (Daugstad & Sæter 2001; Reinton 1969).

Systemet med fleire typar stølar til kvar gard, var i all hovudsak utbreidd på 1800-talet og tidlegare. Då rasjonaliseringa tok til å dominere i gardsdrifta forandra dette seg. Ofte fall dei næraste stølane bort, og langstølen var den einaste som vart att (Daugstad & Sæter 2001).

Ulike typar stølsbruk - seterbrukstypar

Ein kan skilje mellom tre ulike typar stølsbruk; fullseterbruk, mjølkeseterbruk og slåtteseterbruk (Daugstad & Sæter 2001). Fullseterbruk innebar at all mjølka vart foredla på stølen. Seterfolket budde på stølen heile sommaren, og flytta fyrst ned til garden (bygda) når hausten kom. Dette var vanleg i fjellbygdene i Aust – Noreg, mellom anna i Valdres (Reinton 1969). Mjølkeseterbruket var basert på at all mjølkinga gjekk føre seg på stølen, men mjølka vart vidare frakta heim på garden der foredling og produksjon fann stad (Norderhaug 1999). Slåtteseterbruket innebar fyrst og fremst å nytte ressursane på stølen til vinterfôr (Norderhaug 1999).

3.4.2. Endringar i tradisjonar for støling

Høgdepunktet for stølsbruk i Noreg var på 1850-talet, då det truleg var kring 70 000 stølar i drift (Daugstad & Sæter 2001). Etter dette gjekk talet nedover. Grunnen til dette var dei store endringane som fann stad i landbruket. Det vart eit større fokus på intensivering av produksjonen, noko som førte med seg mjølkelevering heile året. Det var difor naudsynt å ha dyra nære leveransestadene, og utan gode transportmiddel vart resultatet at fleire stølar vart lagt ned. Vidare vart det fleire stader slutt på å foredle mjølka på stølen, og beitet vart mindre

viktig då ein var i stand til å auke produktiviteten på den dyrka marka i bygdene (Kvissel 1992). I dag er det knappe 1200 stølar i drift i Noreg (Sickel & Svalheim 2010).

Til tross for at tradisjonane rundt stølsdrift har hatt tilbakegang dei siste 150 åra, så representerer driftsforma fortsatt ein viktig ressurs for fjellbygdene i Noreg. Sett i eit økonomisk perspektiv er fjellbeitene og slåttemarka i fjellet verdifulle for gardane. Stølslandskapet er difor fortsatt ein levande landskap i Noreg, særleg i fjellbygdene (Sickel & Svalheim 2010). I dag finn ein dei mest karakteristiske stølslandskapa i Valdres og Hallingdal, der den største delen av dei aktive stølar er å finne (Sickel & Norderhaug 2007).

Kva for konsekvensar færre stølar i drift gjev for stølslandskapet vil verta gått inn på nærare seinare i oppgåva, under avsnittet om stølslandskapet i Valdres.

3.4.3. Stølslandskapet i Noreg – del av det europeiske landskapsmangfaldet

Noreg har eit ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å ta vare på stølslandskapet (Direktoratet for naturforvaltning et al. 2008). I innleiinga til den Europeiske landskapskonvensjonen står det at ein som medlemsstat i Europarådet, som signerer konvensjonen, “*erkjenner at kvalitet og mangfold i Europas landskaper er en felles ressurs (..)*” (Regjeringen 2000). Det vil seie at Noreg, ved å ha signert konvensjonen, har eit ansvar for å bidra til å ta vare på det europeiske landskapsmangfaldet. Stølslandskapet i Noreg er ein del av dette landskapsmangfaldet. Internasjonalt har desse landskapa hatt ein sterk tilbakegang, og i dag er Noreg, i tillegg til Alpene, det viktigaste området der det vert dreve eit aktivt stølsbruk med landbruksproduksjon. Difor vil dei norske stølslandskapa ha verdi også i europeisk samanheng, og vere ein viktig del av det europeiske landskapsmangfaldet (Norsk kulturarv 2009; Riksantikvaren 2000).

4.0 Resultat – Eksempelstudie frå Valdres

Denne delen av oppgåva vil vise til resultatata av eksempelstudiet frå Valdres. Fyrst vil landskapet i Valdres og Valdres Natur, - og Kulturpark bli presentert. Vidare vil det bli gått nærare inn på stølslandskapet i Valdres, og korleis Valdres Natur, - og Kulturpark har arbeidd med dette landskapet.

4.1 Valdres

Denne fyrste delen av eksempelstudiet vil presentere dei ulike faktorane som er med på å forme landskapet i Valdres.


4.1.1. Innleiing til Valdres

Valdres ligg i den sørvestlege delen av Oppland fylke, på vasskillet og grenseskillet mellom Austlandet og Vestlandet (Flåten 1992). E16, som knyter Oslo og Bergen saman går gjennom Valdres (Valdres Natur-og Kulturpark). Valdres består av dei seks kommunane Nord- Aurdal, Sør-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre, Vang og Etnedal. Per oktober 2011 var innbyggjartalet i Valdres knappe 18 000 (Egeland 2011). Sentralt plassert ved Strandefjorden ligg Fagernes som er regionsenteret i Valdres (Valdres Natur-og Kulturpark 2011b).




Figur 3 Kartet viser kvar Valdres ligg i Noreg

(Kartet er bearbeida på bakgrunn av kartgrunnlag frå www.statkart.no)



Figur 4 Kartet viser dei seks kommunane i Valdres (Riksantikvaren 2011).

NIJOS (Norsk institutt for jord – og skogkartlegging) har gjennomført ei kartlegging og inndeling av Noreg i landskapsregionar. Målet med denne inndelinga er å tileigne seg kunnskap om korleis ein på ein best mogleg måte kan forvalte Noreg, ved å kjenne til landskapsmessige og regionale skilnader. Valdres fell i all hovudsak under dei to landskapsregionane 11 - *Øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud* og 14 - *Fjellslogen i Sør-Norge* (Norsk institutt for jord- og skogkartlegging ; Puschmann 2005a). Den vidare beskrivelsen av landskapet i Valdres vil mellom anna basere seg på karakteristikkar frå desse to landskapsregionane.



Figur 5 Kartet viser landskapsregionane i Valdres (Norsk institutt for jord- og skogkartlegging).

4.1.2. Naturgrunnlag

Valdres ligg på grensa mellom Aust-Noreg og Vest-Noreg, og dette speglar seg både i klimaet og naturen som er her. Regionen er 140 km lang og 70 km på det breiaste (Valdres Natur-og Kulturpark 2008b; Valdres Natur-og Kulturpark 2011b).

Geologi

Av lausmasser så er det moreneavsetningar som dominerer i Valdres (Norges Geologiske Undersøkelse 2011b). Under den siste istida var heile Valdres-regionen dekt under is (Weydahl 1992). Moreneavsetningane vart til ved at materiale vart plukka opp, transportert og avsatt av isbrear. Kjenneteikn ved morenemateriale er at det ofte er hardt samanpakka, dårleg sortert, og kan innehalde alt i frå leir til stein og blokk. I Valdres finn ein både område med grunnlendte moreneavsetningar, der tjukkelsen på avsetningane som regel er mindre enn 0,5 meter, samt andre område med moreneavsetningar med tjukkelse frå 0,5 meter, til fleire ti-tals meter djubde. I tillegg til moreneavsetningar finn ein også område med torv og myr, og store område i fjellet med bart fjell (Norges Geologiske Undersøkelse 2011b).

Berggrunnen i Valdres består i stor grad av næringsrike bergartar (Puschmann 2005b). Bergartane er noko varierte frå sør til nord i Valdres. I Sør-Valdres er det særleg granitt og gneis som er dei dominerande bergartane. Lenger nordover, frå midt- Valdres opp mot Jotunheimen, er det fylitt, sandstein og leirskifer som dominerer. Fylitt er ein av dei mest dominerande bergartene i Valdres, den er å finne frå Leira (midt- Valdres) og vidare nordover mot Jotunheimen (Norges Geologiske Undersøkelse 2011a). Fylittmorene, som er morene danna på underlag av fylitt, er rik på finmateriale, utan store blokker. Den dannar god dyrkingsjord og gode beiter (Weydahl 1992).

Klima

Valdres har eit typisk innlandsklima med kalde vintre, og forholdsvis varme somrar med moderate nedbørmengder (Weydahl 1992). I Valdres-regionen finn ein eit særleg gunstig vekstklimate for planter. Dette kan ein sjå på skoggrensa i Valdres som er landet si høgaste, med barskog heilt opp til 1000 m.o.h. (Østbye 1992). I fylgje ein av intervjuobjekta er det i Valdres nokså store klimatiske variasjonar, mellom anna grunna mykje og varierende topografi, samt det faktum at Valdres er ein langstrakt region.

Hovudforma til landskapet

Valdres er forma i u-dalar med slake dalsider. Når ein kjem lenger opp i dalsidene, over tregrensa, finn ein viddelandskap med vidt utsyn. Lenger nord i Valdres, mot Jotunheimen er det høg fjellsområde som dominerer over tregrensa (Puschmann 2005a; Puschmann 2005b). Dei to dalsjøane Vangsmjøsa og Strandefjorden dominerer i botnen av dalane i Valdres. Då Valdres ligg på austsida av vasskillet, er vassdraga ofte lange og forgreina (Puschmann 2005a).

Vegetasjon

Vegetasjonen i Valdres er i all hovudsak prega av barskog og bjørkeskog. Barskogen finn ein i dei lågtliggande stroka og i dalbotnen, medan bjørkeskogen/fjellbjørkeskogen er å finne øvst i dalsidene, og på låge vidder. Fjellbjørkeskogen ligg i overgangen mellom dal-landskapet og vidde-landskapet i Valdres. Støls-, - og beitelandskapet har bidrege til å senke tregrensa fleire stader i Valdres, slik at den vert kunstig halde nede (Puschmann 2005a; Puschmann 2005b).

Biologisk mangfald – Planteliv

Tilhøva for plantevekst i Valdres er særst gode då det er eit gunstig klima, god tilgang på vatn, næringsrik jord og ein fleire hundre år med tradisjon for beiting. Dette har danna eit kulturlandskap med ein særskild artssamansetnad. Valdres har eit rikt biologisk mangfald, med mange område der det er stor artsriksdom der ein kan finne sjeldne og truga arter. Ein finn fleire raudlistearter i Valdres, til dømes bakkesøte, marinykkjel og fjellnøkleblom. I Noreg ligg heile 30% av dei truga artene i jordbruket sitt kulturlandskap (Valdres Natur-og Kulturpark).

Biologisk mangfald – Dyreliv

Det er også eit rikt dyreliv i Valdres. På Naturbase sine sider er ein del av dyrelivet i Valdres registrert (Direktoratet for naturforvaltning 2011b). Det kjem her fram at det er mykje elg og hjort i regionen, samt storfugl som fjellrype, orrfugl og tårnfalk (Direktoratet for naturforvaltning 2011b).

4.1.3. Arealbruk og næring i Valdres

Landbruk og reiseliv er to viktige faktorar som påverkar landskapet i Valdres.

Landbruk

Valdres er ein region som er prega av jordbruksdrift, med store bygdelag og grender som dannar samanhengande jordbruksområde (Puschmann 2005a). Landbruket i Valdres har vore, og er fortsatt i dag, prega av at gardsbruka er relativt små. Det ofte er vanskeleg å utvide dei dyrka areala rundt garden. Dette er mellom anna grunna den sterkt varierende topografien som er i bygdene. Konsekvensen av dette har vore at utmarka har blitt nytta i stor grad. Døme på dette er utnyttinga av utmarksareala på stølen. Desse er nytta i stor grad, og slåtteareala i fjellet har fleire stader vore mogleg å utvide (Flåten 1992). I fylje ein av informantane, står bruken av beitedyr på utmarksbeite særskilt sterkt i Valdres. Her har landskapet blitt nytta til beiting i alle nivå, frå fjord til fjell. Sjølv skogsbeltet som grensar til fjellstølen er nytta til beiting, noko som er heilt spesielt for Valdres. Mykje av grunnen til dette er at dei naturgitte føresetnadene har vore optimale med tanke på jord, fuktighet og topografi. Naturgrunlaget har lagt føresetnadene for landbruket i Valdres. Landbruket har vore med på å forme landskapet, og beiting og slått i utmarka har også bidrege til det rike biologiske mangfaldet som er å finne i Valdres (Valdres Natur-og Kulturpark).

Kulturlandskapet i Valdres har i stor grad har vorte forma av jordbruksdrift. Det kan grovt sett delast inn i tre hovudgrupper; dal-, ås- og fjellkulturlandskap. Dalkulturlandskapet er eit landskap som varierer mykje i topografi. Dette landskapet omfattar bygdene.

Åskulturlandskapet er prega av utmarksareal som er nytta beite, - og slåttemark, og som ofte inngår i gardsdrifta. Fleire av heimstølane er å finne i åsane. Fjellkulturlandskapet omfattar det tradisjonelle stølslandskapet (Flåten 1992).

Reiseliv - fritidseigedomar

Friluftsliv og turisttrafikk er også med og pregar landskapet i Valdres. Særleg ser ein dette på den enorme hytteutbygginga som er vorte eit dominerande element i fjellskogen og på fjellet i Valdres i løpet av dei siste 50 åra. Hyttefelta har i stor grad blitt lagt anten til stølsområde, i nær tilknytning til stølsområde, eller i attraktive område i fjellbjørkeskogen (Puschmann 2005b). I dag er det rundt rekna 18 000 hyttebuarar i Valdres, det vil seie at det er omlag like mange hyttebuarar som det er innbyggjarar i heile Valdres. Dette seier noko om kor viktig hytteturismen er i Valdres, som i dag er ein av dei viktigaste destinasjonane i Noreg for

hytteturisme (Valdres Natur-og Kulturpark 2012a). Hyttebebyggelsen har utvikla seg særskilt raskt, og er i dag eit dominerande element i landskapet i Valdres.

4.1.4. Opplevelsesverdi ved Valdres-landskapet

Som eit resultat av at Valdres er ein langstrakt region, med variasjonar innan klima, berggrunn og topografi, er det eit rikt landskapsmangfald i Valdres. Ein av informantane meinte at Valdres er ein region der ein finn heile breidda i naturen, med stor variasjon i naturopplevingar. Ein av dei andre informantane meinte at uttrykket “ Vakre Varierte Valdres ” er eit dekkande uttrykk for å beskrive landskapet i Valdres.

Landskapet i Valdres er prega av eit mangfald i landskapskarakterar. Dette gjev ulike visuelle uttrykk, noko som i sin tur gjev ulike opplevingar. Som ein av intervjuobjekta sa, er det store kontrastar mellom det landskapet ein ser i bygdene med gardar, jordlappar og andre bygningar, til det meir karrige stølslandskapet som fortsatt er i bruk, og vidare til det ville fjellet i Jotunheimen. Ein annan av informantane viste til ein progresjon og ei endring i landskapet frå dei skogkledde åsane i Begnadalen (sør-aust i Valdres) til det vestlandsprega landskapet i Vang (nord-vest i Valdres). Ved Begnadalen og Etnedal, sør i Valdres, kjem ein inn i Valdres til eit landskap dominert av skog, med nokre gløtt av elvane og gardane som er her. Når ein beveger seg oppover opnar landskapet seg ved Aurdal, der dei breie bygdene kjem tilsyne med vatn i dalbotnen, og dalar prega av eit levande jordbrukslandskap. Vidare nordover i Valdres kjem ein nærare Jotunheimen, og her er det høgfjellet som dominerer (Valdres Natur-og Kulturpark 2011b).

4.1.5. Kulturhistoria i landskapet

Stølslandskap og stavkyrkjer

I tillegg til eit landskap som byr på eit stort mangfald, finn ein store kulturhistoriske verdier i Valdres. Dei to viktigaste elementa av både nasjonal og internasjonal verdi, er stølslandskapet og stavkyrkjene. Valdres- regionen er den regionen i Nord-Europa som har flest stølar i drift (Riksantikvaren 2011). I Noreg er det i dag knappe 1200 stølar i drift, godt og vel 200 av desse er å finne i Valdres (Sickel & Svalheim 2010; Guri Grønolen 2012, pers. med.). I verda finst det berre 30 bevarte stavkyrkjer att, 28 av desse stavkyrkjene er å finne i Noreg. Valdres har seks av desse stavkyrkjene spreidd rundt i regionen.(Riksantikvaren 2011).

4.2 Valdres Natur - og Kulturpark

Det vil her bli gjort rede for etablering og oppbygging av Valdres Natur – og Kulturpark

4.2.1. Bakgrunn for etableringa av parken

Valdres har lenge hatt erfaring frå interkommunalt samarbeid. Allereie i 1975 vart regionrådet etablert, som hadde eige styre og eigen administrasjon til å organisere fleire interkommunale oppgåver (Riksantikvaren 2011). Bakgrunnen for etableringa av Valdres Natur - og Kulturpark (heretter forkorta til VNK) var at ein i Valdres, som i andre fjellregionar i Noreg, stod ovanfor utfordringar knytt til tilbakegang i landbruket og nedgang i folketalet. Regionrådet fremma ideen om Valdres som regionalpark som eit mogleg svar på dei utfordringane som var i regionen. I 2007 vart VNK etablert (Riksantikvaren 2011; Valdres Natur-og Kulturpark 2007).


Det var særleg tre store utfordringar Valdres stod ovanfor ved etableringa av VNK;

- Nedgang i folketal
- Eit landbruk i sterk omstilling/reduksjon
- Eit reiseliv som sleit med å oppretthalde tyngda i markedet (Valdres Natur-og Kulturpark).

Det var fokus på at det eksisterte ein felles Valdresidentitet som stod særst sterkt i regionen, og som det kunne tuftast ei framtid på (Valdres Natur-og Kulturpark 2007). Tanken var at ein gjennom å organisere seg i form av ein regionalpark ville kunne samle Valdres under eitt, for vidare å kunne starte arbeidet med og bygge merkevara Valdres. Dette ville i sin tur sikre arbeidsplassar og skape større inntening (Riksantikvaren 2011).

4.2.2. Oppbygging av parken

Valdres var den fyrste regionen i Noreg til å danne ein regionalpark. Parken er inspirert av modellen til dei franske regionale naturparkane. Dette blant anna fordi dei norske fjellregionane, til dømes Valdres, står ovanfor mange av dei same utfordringane som fjellregionane i Frankrike, med mellom anna nedlegging av landbruksdrift, fråflytting og råvareeksport (Riksantikvaren 2011). Trass i at VNK er bygd opp med utgangspunkt i den franske parkmodellen har det vore fokus på å utarbeide parken slik at den er tilpassa norske forhold (Valdres Natur-og Kulturpark 2007). Figur 6 viser organiseringa til VNK.



Figur 6 Organisering av Valdres Natur - og Kulturpark (Valdres Natur-og Kulturpark 2007 s.32).

Dei tre hovudelementa i organiseringa av VNK:

- Valdresrådet består 10 personar frå næringslivet og 12 politikarar. Dette er arenaen for å arbeide fram ein felles politikk i Valdres. Valdresrådet skal vere ein samhandlingsarena mellom politikk og næringsliv, og skal på denne måten sikre forankring og eigarskap.
- Utviklingsstyret består av 3 ordførarar, 3 personar frå næringslivet og ein person frå merkevarestyret. Utviklingsstyret har ei operativ rolle, og skal gjennomføre det Valdresrådet bestemmer.
- Merkevarestyret består av ein representant frå kvar av dei merkeorganisasjonane som vert etablerte, samt ein person frå parkadministrasjonen. Merkevarestyret skal mellom anna utvikle og styrke kvalitetsstandarar, og styre bruken av kvalitetsmerket (Valdres Natur-og Kulturpark 2007).

4.2.3. Charter

På lik line med dei franske regionalparkane, har også VNK utarbeida eit charter. Dette er ein tiårig parkavtale som tek føre seg dei overordna visjonane og måla til parken, for å oppnå lokalsamfunnsutvikling (Valdres Natur-og Kulturpark 2007). Når dei ti åra er omme, skal

regionalparkmodellen evaluerast (Riksantikvaren 2011). I fylje eit av intervjuobjekta er det ingen sanksjonar om ein av partane bryt delar av, eller heile samarbeidsavtalen.

I den tiårige avtalen for VNK, vert fylgjande definisjon over parken gjeve:

Valdres natur - og kulturpark er en utviklingsregion som gjennom langsiktig merkevarebygging knyttet til natur- og kulturverdier – og lokal styring – skal gi økt verdiskaping og livskraft i lokalsamfunnene. Samtidig tar Valdres vare på og utvikler viktige verdier av lokal, nasjonal og internasjonal betydning for framtidige generasjoner.

(Valdres Natur-og Kulturpark 2007 s.6)

Den tiårige samarbeidsavtalen har fokus på desse innsatsområda (Valdres Natur-og Kulturpark 2007);

- Merkevara Valdres
- Næring
- Arealbruk
- Kulturminner
- Kultur
- Kompetanse
- Formidling
- Vertskapsrolla

4.2.4. Finansiering

I all hovudsak vert VNK finansiert gjennom tilskot frå deltakarkommunene, staten/fylkeskommunen og næringslivet. Samt gjennom ein del mindre inntekter i form av honorarer og godtgjørelser ved sal av tenester (Valdres Natur-og Kulturpark 2008a).

4.3 Stølslandskapet i Valdres

Denne delen av eksempelstudiet tek føre seg kva for verdiar som ligg i stølslandskapet i Valdres, og kva for eventuelle utfordringar og truslar som knyter seg til dette landskapet.

4.3.1. Innleiing til stølslandskapet i Valdres

Som tidlegare nemnd er stølslandskapa i Noreg verdifulle både nasjonalt og internasjonalt, sidan Noreg har eit ansvar for å ta vare på det europeiske landskapsmangfaldet. Stølslandskapet i Valdres står i ei særstilling då Valdres er den regionen i Nord-Europa som

har flest stølar i drift (Riksantikvaren 2011). Difor har stølslandskapet i Valdres betydning langt ut over Valdres og Noreg sine grenser.

I Valdres er gardane å finne i dalane, frå mellom 300 – 1000 m.o.h. Stølane ligg på mellom 700 – 1 200 m.o.h. Ofte er stølslandskapet plassert på store fjellplatå, noko som fører til at stølslandskapet er flatt og ope. Dette er ein del av karakteristikken til dette landskapet (Sickel & Norderhaug 2007; Sickel & Svalheim 2010).



Figur 7 Biletet viser noko av karakteristikken til stølslandskapet. Ein ser korleis stølshusa er plasserte i landskapet med små jordlappar innimellom. Stølslandskapet er ope og flatt. Foto: Hanne Lykkja

4.3.2. Kulturminner i stølslandskapet

Støling har lange tradisjonar i Noreg, særleg i fjella i Sør-Noreg, til dømes i Valdres. Ein går ut i frå, både på bakgrunn av arkeologiske spor og analyser av pollen, at nokre fjellbeite har vore nytta heilt sidan jernalderen, og kanskje til og med bronsealderen. Stølslandskapet i Valdres er altså eit landskap med mykje historie, frå fleire ulike epokar. Landskapet er rikt på kulturminner. Det inneheld mykje kunnskap om korleis landskapet er blitt brukt frå tidlegare

tider og fram til i dag. Døme på kulturminner er gamle bygningar eller rester etter gamle bygningar, stigar, reksler, stein, - og torvgjerder og fôrløer (Sickel & Norderhaug 2007). Støling som driftsform har også vore viktig for utviklinga av den immaterielle kulturarven i Valdres, slik som musikk, dans og eventyr (Valdres Natur-og Kulturpark 2007).

4.3.3. Stølslandskapet som ein del av Valdres-identiteten

Støling og stølslandskapet er ein viktig del av identiteten til fjellbygdene i Noreg, og dette er også tilfelle i Valdres (Sickel & Svalheim 2010). Landbruket i Valdres har hatt stølstradisjonar i mange hundre år, og stølslandskapa er framleis levande landskap i dag. I intervjuar kom det fram at valdrisen har kjærleik for stølen sin, og at det er ei stoltheit knytt til støling og stølslandskapet. VNK nyttar stølslandskapet som eit viktig element i merkevarebygginga av Valdres, det er altså noko av det som er mest særlege med regionen (Valdres Natur-og Kulturpark).

4.3.4. Det biologiske mangfaldet i stølslandskapet

Det er eit rikt biologisk mangfald i stølslandskapet i Valdres. Stølslandskapet har vorte nytta til sanking av fôr, både ved slått og beiting, noko som har gjeve fleire ulike typar vegetasjonen. Fôret vert frakta frå utmarka til innmarka, ofte ned til gardane i bygdene. Dette har gjort til at frø kan bevege seg over store avstandar, og låglandsplanter har møtt fjellplanter. Slik er det blitt danna eit særlege biologisk mangfald i stølslandskapet i Valdres. I tillegg har fôrsankinga bidrege til å skape eit ope landskap (Sickel & Norderhaug 2007).

Kombinasjonen av slåttemark, beita mark og unytta utmark gjev eit landskapsmangfald som er karakteristisk for stølslandskapet. Det er også eit landskap som legg til rette for stor variasjon både på habitatsnivå og artsnivå (Sickel & Norderhaug 2007)

I dag er gjengroing den største trusselen mot det biologiske mangfaldet. Som ein konsekvens av at talet på stølar i drift har hatt ein voldsom tilbakegang dei siste hundre åra, har også slått og beite i utmarka blitt redusert. Dette har ført til ei byrjande gjengroing av landskapet. Gjengroinga fører ofte med seg at dei små, lyselskande artene som er å finne i stølslandskapet vert borte, og det biologiske mangfaldet vert redusert. Både klimaendringar, og det faktum at beitepress og slåttepress ikkje er på langt nær slik det ein gong var, fører til at tregrensa kryp oppover (Sickel & Norderhaug 2007).

4.3.5. Næring og landbruk

Stølsdrifta – ein sentral del av gardsdrifta til Valdres-bonden

Det norske landbruket har vore avhengig av bruken av utmark i gardsdrifta. Hovudgrunnen til dette er at det har vore lite landareal som har vore egna for dyrka mark (Sickel & Norderhaug 2007). Dei siste hundre åra er det berre 3% av landarealet som har vore mogleg å nytte til dyrka mark, og slik har behovet for å nytte utmarksareala vore desto større. Stølsdrift er ein av dei viktigaste måtane utmarka har vore nytta på (Norderhaug 2006). Landbruket i Noreg har vore gjennom store endringar dei siste hundre åra, men landbruket står fortsatt sterkt i fjellregionane i Noreg, mellom anna i Valdres. Framleis er utmarka viktig for gardsdrifta, og i Valdres er det ofte gjennom støling desse utmarksressursane vert nytta (Sickel & Norderhaug 2007). Til trass for dette har det vore ein stor tilbakegang i gardsbruk med mjølkeproduksjon i Valdres dei siste tolv åra. Ved inngangen til 2012 var det 303 bruk med mjølkeproduksjon i Valdres, mot 532 i år 2000. Ein ser også at det har vore ein tilbakegang i aktive stølsbruk, frå at det i år 2000 var 395 stølar i drift i Valdres, til at det i 2010 var 227 aktive stølar (Statens landbruksforvaltning 2012; Guri Grønolen 2012, pers. med.; Valdres Natur-og Kulturpark 2007). Tala viser nedgang både i antall bruk med mjølkeproduksjon, samt nedgang i antall aktive stølar.

Utfordringar i landbruket i Valdres

I rapporten *Valdres Natur - og Kulturpark. Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet (Riksantikvaren 2011)* vert dei tre viktigaste grunnane til avviklinga av aktive stølar i Valdres identifisert; dårleg økonomi i landbruket, nedbygging av stølsområde og manglande rekruttering til landbruket.

Økonomien i landbruket ein av dei viktigaste grunnane til at stølsdrifta avviklast. I 2009 var lønn pr. årsverk for ein bonde nøyaktig halvparten av den til ein industriarbeidar. Det er generelt dårleg økonomi i landbruket i Valdres, og forskjellen på produktive og marginale landbruksområde gjer at bønder legg ned drifta. Særleg har dette gått ut over mjølkeproduksjonen. I eit prosjekt Bioforsk Øst gjennomførte, kom det fram at for bøndene i Valdres er det økonomien i landbruket som er “flaskehalsen” for stølsdrifta. For, medan gardar med mjølkeproduksjon vert lagt ned, auker andelen mjølkeprodusentar som driv støl (Riksantikvaren 2011).

Vidare er stølsområda utsette for utbyggingspress slik at beiteområde vert bygde ned og mange av kvalitetane til stølslandskapet vert borte (Riksantikvaren 2011; Sickel & Norderhaug 2007). Døme på dette kan vere utviklinga av destinasjonar for vinterturisme, hytteutbygging, vegutbygging, osv.(Sickel & Norderhaug 2007). I Valdres kan ein mellom anna sjå tendensar til dette på Beitostølen, der det har vore intensiv hytteutbygging. Dette har gjeve konsekvensar for beiteområda i tilknytning til stølslandskapet (Riksantikvaren 2011).

Den manglande rekrutteringa til landbruket i Valdres gjev også konsekvensar for stølslandskapet. Statusen til bondeyrket har i dei siste åra vorte dårlegare, noko som fører til at færre unge menneskje ynskjer å ta over gardane. Trass i dette er dei fleste mjølkeprodusentane positive til stølsdrift, noko som er positivt for framtida til stølslandskapet (Riksantikvaren 2011).

4.4 Valdres Natur – og Kulturpark og stølslandskapet

Denne delen av eksempelstudiet ser nærare på kva VNK har bidrege med i forvaltninga av stølslandskapet i Valdres.

4.4.1 Parkstrategiar for forvaltning av stølslandskapet

I den tiårige parkavtalen til VNK kjem det fram kva for mål og strategiar parken har definert for stølslandskapet i Valdres. Mellom anna kjem fylgjande fram i den tiårige samarbeidsavtalen (Valdres Natur-og Kulturpark 2007):

- *“ta et ansvar for å ta vare på og videreutvikle den aktive “stølskulturen”, og ta et nasjonalt ansvar for å bringe stølskulturen videre i en moderne tid. I 2017 skal minimum 85% av mjølkeprodusentene ha stølsdrift som en del av sitt driftsopplegg”*(Valdres Natur-og Kulturpark 2007 s.13).
- *“øke aktiviteten på stølene ved å gi begrepet stølsdrift et utvidet innhold”* (Valdres Natur-og Kulturpark 2007 s.13).
- *“ta et nasjonalt og internasjonalt ansvar for å ta vare på stølsdrifta som livsform – og verdiene knyttet til stølslandskapet og utmarksbeite ved fortsatt aktiv stølsdrift”* (Valdres Natur-og Kulturpark 2007 s.17).

- *“jobbe for en tverrfaglig styrking av stølsdrift i Valdres”* (Valdres Natur-og Kulturpark 2007 s.18).

VNK har altså som føremål å arbeide for ei aktiv stølsdrift, og ta både eit nasjonalt og internasjonalt ansvar for å ta med stølskulturen inn i framtida. Det kjem også fram i parkavtalen at det skal opnast for og gje omgrepet stølsdrift eit utvida innhald. Av konkrete mål vert det stadfesta at innan 2017 skal minimum 85% av mjølkeprodusentane nytta stølen i drifta. Ut frå desse måla og strategiane ser ein at VNK har som føremål å arbeide med og styrke stølslandskapet i Valdres.

4.4.2. Tiltak gjennomført av parken for forvaltninga av stølslandskapet

I 2011 gav VNK ut ein rettleiar i byggeskikk og tilpassing av bygg i landskapet. Denne rapporten gjeld alle dei seks kommunane som er ein del av VNK. Retningslinene er ikkje juridisk bindande, men kommunane kan velje å innarbeide retningslinene i sine reguleringsføresegner. Det er eit eige kapittel i rettleiaren om stølslandskap og tilpassing av bygg i dette landskapet. Målet er å ta vare på det samla og heilskapelege miljøet stølslandskapet dannar, med ulike bygningar, stølsjorde, gjerde og ope beitelandskap. Denne byggeskikkrettleiaren kan gje råd og retningsliner til dei ulike kommunane i VNK (Valdres Natur-og Kulturpark 2011b).

Gjennom *Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet* var Valdres pilotprosjekt i prosjektperioden frå 2006 – 2010, i regi av VNK. Verdiskapingsprogrammet hadde som føremål å auke engasjement og kunnskap rundt kulturminnene i Valdres, og gjere dei meir tilgjengelege. Stølsdrifta og stølslandskapet i Valdres var eit av områda det vart jobba med i prosjektet. Det viktigaste som vart utretta med tanke på stølsdrifta og stølslandskapet i Valdres var for det fyrste at det i Valdres, som einaste region i Noreg, vart kartlagt kulturminner, beiter og rekser i alle stølsområda, i samarbeid med stølslaga. Tanken er at dette kan nyttast vidare i ei framtidig disponering av stølsområda. For det andre vart nettverket av gards og stølsopplevingar i Valdres vidareutvikla i prosjektperioden. Det var ei auke frå 23 til 34 deltakarar frå 2006 til 2009 (Riksantikvaren 2011).

Dette er i all hovudsak dei prosjekta VNK har bidrege til for å forvalte stølslandskapet i Valdres.

Den teoretiske bakgrunnen og eksempelstudiet legg grunnlaget for diskusjonen.

5.0 Diskusjon

Regionalpark er ein mogleg modell som kan nyttast for å sikre ei heilskapleg landskapsutvikling og landskapsforvaltning, der landskapet vert fremma som brei verdiskapar. Denne diskusjonen vil i fyrste omgang ta føre seg kvifor stølslandskapet bør forvaltast, og korleis VNK kan bidra i ei brei verdiskaping tufta på dette landskapet. Vidare vil det bli drøfta kva for føresetnader som bør liggje til grunn for at ein regionalpark skal fungere godt i praksis, der det vil bli gått særleg inn på kvifor det er viktig med ei god forankring av parken. Det vil bli drøfta kva for konkrete tiltak VNK kan gjere for å vere ein viktig aktør i forvaltninga av stølslandskapet. Siste del av diskusjonen vil summere opp moglege framtidige strategiar for parken.

5.1 Landskapspolitikk

I bygdene er landbruket den viktigaste forvaltaren av landskap. Dette gjeld også for stølslandskapet, som er forma av eit aktivt landbruk gjennom fleire hundre år. Visse vilkår må vere til stades for å oppretthalde dette landbruket. Det vil igjen føre til at viktige landskapskvalitetar vil kunne sikrast.

5.1.1 Utfordringar i forvaltninga av stølslandskapet i Valdres

Stølslandskapet i Valdres er rikt på natur, – kultur, – og landskapsverdiar, mellom anna i form av eit rikt biologisk mangfald, mykje kulturhistorie og landskapsmangfald. Sett i eit internasjonalt lys, med utgangspunkt i dei ulike internasjonale konvensjonane Noreg har forplikta seg til, har Noreg og Valdres eit ansvar for å bidra til at stølslandskapet ikkje vert borte.

Stølslandskapet i Valdres har blitt forma gjennom fleire hundre år ved at landbruket har nytta dei utmarksressursane landskapet har bydd på. Dei tala som kjem fram i eksempelstudiet viser at landbruket i Valdres er inne i ei fase prega av nedlegging av mjølkebruk. Ein konsekvens av dette er nedlegging av stølar i drift. Når dei aktive stølane gradvis vert reduserte, vil stølslandskapet gå gjennom store endringar. I intervjuet vart det uttrykt bekymring over korleis landbruket i Valdres ser ut i dag, og korleis det vil sjå ut i framtida. Eit aktivt landbruk, med aktive mjølkebønder, er ein føresetnad for eit levande stølslandskap. Eit sentralt spørsmål er difor korleis eit framtidig landbruk i Valdres kan sjå ut for å oppretthalde eit levande stølslandskap.

5.1.2 Landskapet som ressurs i det framtidige landbruket i Valdres

Landbruket i Valdres kan bruke landskapet som den viktigaste ressursen til økonomisk vekst. Frå å ha fokus på produsert mengde i landbruket, kan fokuset overførast til økonomisk vekst tufta på landskapet, der landbruket er leverandøren av landskapet. I tråd med *det landskapsøkonomiske perspektiv* vil stølslandskapet kunne vere eit godt utgangspunkt for ei brei verdiskaping, som innehavar av viktige kvalitetar slik som eit rikt biologisk mangfald, kulturhistorie og ein identitetsberar. Ein vil kunne sikre ei økonomisk verdiskaping, ved at reiselivet vert stimulert og at Valdres vert meir attraktivt for hytteturistar, og potensialet for auka foredling av lokal mat kan og aukast. VNK har høve til å spele ei sentral rolle i den breie verdiskapinga tufta på stølslandskapet, ved å vere ein samarbeidsplattform for dei ulike aktørane som er involverte i denne utvida verdiskapinga. Gjennom den breie verdiskapinga vil forvaltninga av stølslandskapet sikrast, då landskapet er utgangspunktet for verdiskapinga. På denne måten kan VNK vera ein viktig aktør i forvaltninga av stølslandskapet i Valdres.

Det er eit arbeid i startfasa i Valdres der ein ser på korleis Alpene har løyst problemstillingar knytt til dei rurale, marginale stroka. Dette arbeidet vert kalla “alpemodellen”, der ein ser på om nokre av desse ideane er moglege å overføre til Valdres. Det som har kome fram er at det i Alpene er ein høg grad av foredla produkt og mykje stølsbruk, noko som i sin tur fører til at den lokale kulturen og det særskilde landskapspreget vert forvalta. Dette stimulerer turisme og hytteutbygging (Valdres Natur-og Kulturpark 2011a). Det er altså eit viktig tankearbeid i gang i Valdres som ser på korleis eit auka fokus på landskapet, især stølslandskapet, kan sikre ei brei verdiskaping. Dette kan igjen bidra til eit aktivt landbruk i framtida.

5.1.3 Differensiering av landbruket i Noreg

Det er mogleg den nasjonale landbrukspolitikken kan leggje betre til rette for at ein i dei marginale landbruksområda skal kunne bruke landskapet som ressurs for økonomisk vekst i landbruket. Ein måte å gjere dette på er å differensiere landbruket i Noreg i større grad enn kva som er tilfelle i dag. Då vil ein kunne ha ei tydelegare todeling av landbruket, mellom marginale og produktive strok. Dette kan til dømes innebere at dei marginale stroka, slik som fjellbygdene i Noreg, har eigne føresetnader for måten å drive landbruk på. Flatbygdene kan ha fokus på intensivering, produksjon og ny teknologi, medan dei marginale stroka kan ha fokus på natur – og kulturkvalitetar gjennom lokal foredling av råvarer og landskapspleie. For at ein i Noreg skal kunne oppretthalde landbruket i dei rurale områda, er det viktig at landbruket vert stimulert på ein måte som gjer det attraktivt å drive landbruk her også i

framtida. Dette er nokre tankar rundt den nasjonale landbrukspolitikken i Noreg, men temaet vil ikkje verta drøfta nærare i denne oppgåva.

Det vil i det fylgjande verta drøfta kva som bør liggje til grunne for at regionalparken i praksis kan vere ein viktig aktør i landskapsforvaltinga.

5.2 Forankring

Det er fleire faktorar som må vere til stades for at ein regionalpark skal fungere godt i praksis. Eg vil her spesielt trekkje fram forankring som ein nykkelfaktor, då eg ut frå det teoretiske studiet og samt eksempelstudiet, ser at dette er særst viktig.

5.2.1 Forankring av ein regionalpark

Etableringa av ein regionalpark kan vere basert på eit “bottom-up” initiativ. Det vil seie at det er regionen sjølv som tek initiativ til etableringa av parken, og at lokale lag og foreiningar, samt det offentlege og næringslivet arbeider fram ein samarbeidsavtale i lag (Bjørnstad 2010a; Svoldal et al. 2010). Innanfor dette kan initiativet kome frå to nivå, anten frå eit administrativt nivå i regionen, eller frå grasrot-nivå, der det er mindre aktørar som tek initiativet.

Eit initiativ frå eit administrativt nivå kan til dømes koma frå ordførarar, regionråd eller anna. Fordelen med denne måten å initiere ein park på kan vere at det er enklare å få prosessen i gang, til høgare opp i systemet det er. Det kan også vere at det er større oversikt over situasjonen i regionen når ein kjem opp på eit administrativt nivå. Utfordringa kan vere behovet for eit omfattande arbeid for å forankre parken hjå lokalbefolkninga, sidan etableringa av parken ikkje nødvendigvis har vore eit ynskje hjå desse.

Eit initiativ som kjem frå grasrot-nivå kan til dømes koma frå lokale lag og foreiningar, kommunane eller andre medlemmer av lokalbefolkninga. Fordelen med ei slik etablering vil vere at parken mest sannsynlig er betre forankra hos lokalbefolkninga, sidan initiativet til parketableringa i all hovudsak kjem herifrå. Utfordringane kan vere at prosessen med å etablere parken vil vere meir omstendelig enn når avgjerda vert teken høgare opp i systemet.

Uansett om initiativet til etableringa av parken kjem frå administrativt nivå eller grasrot-nivå, er resultatet at det vert inngått ei samarbeidsavtale mellom dei ulike aktørane i parken. Sidan regionalpark er eit frivillig samarbeid, må partnerskapet vera sterkt for at alle partar skal

ynskje å fylgje samarbeidsavtalen. Om dette fungerer godt, så er det ikkje måten parken har blitt etablert på som er det viktigaste.

5.2.2 Forankring av Valdres Natur – og Kulturpark

Tidlegare i oppgåva har det kome fram at VNK vart etablert frå eit administrativt nivå, der det var regionrådet som fremma forslaget om å etablere parken (Valdres Natur-og Kulturpark 2007). Ein kan stille spørsmål om forankringa av VNK har vore god nok. Under intervjuet kom det fram at måten parken vart etablert på har ført med seg utfordringar knytt til forankringa av parken lokalt. Dette er likevel berre meiningane til nokre få personar, og ikkje den generelle meininga til befolkninga i Valdres. Denne oppgåva går ikkje lenger inn på dette, men tek utgangspunkt i at det er delte meiningar om i kva mon VNK er tilstrekkelig forankra hos lokalbefolkninga.

VNK kan ikkje styre den nasjonale landbrukspolitikken, men kanskje kan den bidra til å påverke det lokale landbruket i Valdres. For at dette skal vere mogleg er det viktig at parken, og kva den står for og arbeider med, er godt forankra hos lokalbefolkninga. I tema rundt forvaltninga av stølslandskapet er kanskje forankringa særleg viktig hos kommunane og bøndene som har sentrale roller i forvaltninga av dette landskapet.

5.2.3 Forankring i kommunane

I dei regionale naturparkane i Frankrike er dei partane som har signert charteret forplikta ved lov til og fylgje og respektere retningslinjer og prosjekt som kjem fram av charteret. Om ein av partane bryt charteret i sitt arbeid, kan domstol bli involvert av styret i parken (Parcs naturels régionaux de France 2008). Dette er ikkje praksis i VNK. Det er ingen sanksjonar om ein eller fleire av dei seks kommunane som utgjer parken ikkje fylgjer dei retningslinjene som kjem fram i den tiårige samarbeidsavtalen. Då vert det om mogleg endå viktigare at parken er godt forankra i kommunane, og at det er ei vilje til å fylgje samarbeidsavtalen og det arbeidet parken gjer.

I intervjuet som vart gjennomført i samband med denne oppgåva vart det gjeve uttrykk for at VNK er godt forankra i kommunane. Mellom anna vart det sagt at det i kommunane omtrent ikkje vart skilt mellom kommune og park, og at dei fleste av kommunane har innsett at dei er for små til å stå aleine for å ha gjennomslagskraft. I motsetnad til desse utsegna kom det fram meiningar då VNK hadde gjennomgang av årsmelding og rekneskap for 2011, om at arbeidet til parken ikkje er godt nok forankra i kommunane. Der vart det mellom anna ytra at mange

kommunepolitikarar ikkje veit kva VNK arbeider med, og at kommunane må ta arbeidet til parken på alvor (Valdres Natur-og Kulturpark 2012b). Om dette er tilfelle står det att eit arbeid for å forankre parken i større grad i kommunane.

Kan hende er det enklare for kommunane i VNK å frigjere seg frå samarbeidsavtalen om det skulle vise seg at denne ikkje går overeins med kommunen sine intensjonar, sidan det ikkje er sanksjonar. Det er mogleg kommunane vil setje seg inn i arbeidet til VNK i større grad om dei var juridisk bundne til den tiårige avtalen slik som regionalparkane i Frankrike er. Samstundes burde det ikkje vera naudsynt med juridisk bindande avtaler, då kommunane frivillig har inngått eit partnerskap med kvarandre og dei andre partane i regionalparken. Ut i frå dette burde ein kunne gå ut i frå at kommunane er motiverte til å fylgje arbeidet til parken. Det som er viktig er at partnerskapet er solid, og at det gjensidig tillit mellom partane. Dette kan bli oppnådd både med og utan juridiske sanksjonar.

5.2.4 Forankring i landbruket

Vidare er det interessant og sjå nærare på forholdet mellom bøndene i Valdres og parken, då det er bonden som i praksis forvaltar stølslandskapet i Valdres. I intervjuet kom det fram at det fortsatt er ein veg og gå for å forankre VNK hos lokalbefolkninga. Dette gjaldt også innanfor landbruket og bøndene. Initiativet til etableringa av parken kom frå eit administrativt nivå, og det er sannsynleg å tru at dette kan ha påverka kor godt parken er forankra hos bøndene. I kva mon dette er riktig vil ikkje denne diskusjonen gå inn på. Det er viktigare å trekkje fram budskapet om at parken bør vere godt forankra i landbruket og hos bonden for at parken skal kunne vere eit føremålstenleg verktøy i forvaltinga av stølslandskapet. Bonden er den som forvaltar stølslandskapet i praksis, og er soleis ein nykkelperson i spørsmålet rundt forvaltinga. Det er viktig at VNK forholdt seg til bonden, og at bonden forholdt seg til parken, om parken skal kunne bidra med noko i forvaltinga av stølslandskapet.

Det vil difor vere viktig å drøfte korleis VNK kan vera med å påverke landbruket i Valdres. Ein kan til dømes sjå føre seg at parken kan vere eit senter for kunnskapsformidling. Kanskje burde det leggjast eit større fokus på kva stølslandskapet i Valdres tyder i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er mogleg dette kan bidra til å auke den sosiale statusen til bonden, ved at arbeidet han gjer vert anerkjent. Dette kan i sin tur auke motivasjon og stoltheit hos bøndene til å fortsetje det arbeidet dei gjer. VNK kan vera eit sentralt organ for denne kunnskapsformidlinga.

Parc Volcans d`Auvergne i Frankrike innehar rolla som rådgjevande organ for bøndene i parken. Her kan dei mellom anna søkje råd av juridisk og teknisk art, og parken sit på kompetansen som må til for å gje god rettleiing. Eit døme som vart trekt fram var at bonden kunne søkje råd hjå parken om korleis auke omsetninga på garden. VNK kan få til noko av det same, men då er det naudsynt at landbruket har tillit til parken og brukar den som ein møtestad og ein arena for å tileigne seg ny kunnskap.

I dei franske regionale naturparkane er det fleire stader oppretta det som vert kalla Association des Agriculteurs du Parc, noko som fritt kan oversetjast til Foreining for bønder i parken. Eit døme er foreininga for bøndene i Parc Vercors. Her sit bøndene saman og diskuterer kva dei har behov for, og prøver i fellesskap å tenkje ut forslag på korleis ein skal løyse felles problem. Desse forslaga vert presentert for parken, som bidreg til å finne midlar om desse skal setjast i gang (Association pour la Promotion des Agriculteurs du Parc naturel régional du Vercors 2008). Kanskje kunne denne ideen om ei eiga foreining for bøndene i parken overførast til VNK, for å styrke forholdet mellom parken og bøndene. Samstundes er det slik at bøndene i Valdres allereie er delvis engasjerte gjennom til dømes Bondelaget og Valdreskvalitet BA. Sjølv om dette ikkje er foreiningar direkte knytt til VNK, bør det vurderas om det er endå ein organisasjon som er det mest føremålstenlege svaret på utfordringane.

Om ein tek utgangspunkt i at føresetnadene for ein godt fungerande park er til stades, vil det vera interessant å sjå nærare på kva for konkrete tiltak VNK kan gjere i tida framover for at dei skal vere ein sentral aktør i forvaltinga av stølslandskapet.

5.3 Kartlegging av stølslandskapet i Valdres

Eit prosjekt VNK kan ta initiativ til er ei heilskapleg kartlegging av stølslandskapet i Valdres. Gjennom ei slik kartlegging vil parken kunne spele ei viktig rolle i forvaltinga av stølslandskapet ved å bidra med eit felles rammeverk for forvaltinga for alle dei seks kommunane i Valdres.

5.3.1 Eit stølslandskap i stadig endring gjev behov for ei kartlegging av ressursane i landskapet

Slik situasjonen er i Valdres i dag, vert ikkje stølslandskapet nytta i same grad som for 100 år sidan. Dette gjev konkrete konsekvensar, til dømes i form av gjengroing og ei stigande tregrense. Eit mogleg svar på desse utfordringane kan vere å prioritere stølsområde, der ein

tek utgangspunkt i at ikkje alle område kan takast vare på. Stølslandskapet i Valdres er rikt på natur, - kultur, - og landskapsverdiar som er viktige element i identiteten og dermed merkevara Valdres. Det vil difor vere føremålstenleg å forvalte stølslandskapet som eit heilt landskap, på tvers av kommunegrensene, for å sikre dei kvalitetane som er å finne her. VNK vil som samlande organ for alle kommunane i Valdres kunne utarbeide ei kartlegging over stølslandskapa i Valdres.

5.3.2 Mogleg utforming av ei felles kartlegging av stølslandskapa i Valdres

VNK har allereie gjennomført ein del registreringar knytt til kulturminne, naturgrunnlag og anna, i dei ulike støslaga i Valdres. Når desse registreringane vert sett i samanheng, vil dei kunne bidra i ei heilskapleg kartlegging av stølslandskapet i Valdres. Ei slik kartlegging vil kunne vise til kva for kvalitetar dei ulike stølsområda har, og seie noko om kva for stølsområde som bør takast vare på, og vidare kvifor og korleis dette bør skje. Det kan til dømes vere at det i eit gitt stølsområde er eit biologisk mangfald som er særst verdifult eller eit stølsområde som er rikt på kulturminner. Det kan også vere stølsområde der landskapskarakteren og opplevelsesverdien av landskapet er det viktigaste. Dette vil kunne munne ut i ein heilskapleg plan for forvaltninga av stølslandskapet i Valdres. Her vil dei ulike kommunane kunne forholde seg til det same rammeverket for forvaltninga. VNK vil kunne vere ein sentral aktør i forvaltninga ved å utvikle denne kartlegginga.

5.3.3 Gjennomføring av ei felles kartlegging kan gje felles rammeverk for forvaltninga av stølslandskapet

Då eventuelle retningsliner parken gjev ikkje er juridisk bindande for dei seks kommunane i Valdres, vil det vere ein risiko for at ei slik kartlegging ikkje vert fylgt i stor nok grad. Ein kan til dømes sjå føre seg eit scenario der eit gitt stølsområde i ein gitt kommune har ein visuell karakter som er så viktig, at for å ta vare på denne kvaliteten er det bestemt gjennom kartlegginga at det ikkje skal byggast, til dømes hytter, i randsona til dette stølsområdet. Spørsmålet er om kommunen vil fylgje retningslinene til VNK om dei ser ein økonomisk gevinst i å gjere denne randsona om til eit hytteområde. Samstundes bør ikkje fokuset ligge i om retningslinene er juridisk bindande eller ikkje. Fokuset til parken bør vere å auke kunnskapen rundt kva ein regionalpark kan bidra med, og kvifor det er positivt og fylgje retningsliner parken kjem med. Ved å etablere ein regionalpark har ein eit verdifult høve til og forvalte landskapet på eit høgare nivå enn kommunalt nivå. I staden for å tenkje at parken skal virke avgrensande for kommunane, bør fokuset vere at parken kan bidra til å skape eit felles

rammeverk for forvaltninga av stølslandskapet i Valdres. Dette vil i sin tur innebera at dei verdiane som er i stølslandskapet vil bli tekne vare på. Vidare kan dette gje høve til verdiskaping, økonomisk vekst og liv i bygdene.

5.3.4 Framtidig planmyndighet til Valdres Natur – og Kulturpark

Det har tidlegare i oppgåva kome fram at 86 % av Noreg sitt landareal vert forvalta lokalt gjennom plan – og bygningslova. Tanken bak den europeiske landskapskonvensjonen om ei heilskapleg planlegging og forvaltning av landskapet vert difor viktig i Noreg der dei lokale styresmaktene står sterkt. Med utgangspunkt i etableringa av VNK er det kanskje slik at ein på sikt bør sjå på ei eventuell reorganisering av planarbeidet i kommunane. Om stølslandskapet er den berande identitetsfaktoren, og ein viktig del av grunnlaget for merkevara Valdres, bør kanskje dette få konsekvensar for planarbeidet i kommunane. Kanskje er det lite gunstig at kvar kommune sit med kvar sin kommunedelplan om ein skal kunne sikre den framtidige forvaltninga av stølslandskapet i Valdres. Spørsmålet vidare vert då om ei eventuell avgjerdsrett skal vere innanfor VNK eller mellom kommunane.

Om avgjerdsmakta skulle vore innanfor VNK kunne ein til dømes slå saman arealavdelingane i alle kommunane til ei avdeling, sentralisert til parken. I eit slikt scenario vil ein kunne sjå føre seg at kommunane vil måtte fylgje dei retningslinene som vert sett av parken. Det er mogleg ei slik reorganisering av planarbeidet i dei seks kommunane vil kunne sikre ei heilskapleg planlegging og forvaltning av landskapet. Spørsmålet er om det er dette som burde vera rolla til ein regionalpark. Regionalparken skal på mange måtar vere ei felles verktøykasse, der alle dei involverte partane hentar det verktøyet dei treng i arbeidet sitt. Slik burde kanskje avgjerdsmakta ligge mellom kommunane, medan VNK kan vere ein strategi- og kunnskapsleverandør. Kommunane kan til dømes gå saman seg i mellom og verta einige om å vedta same kommunedelplan, og parken kan vere verktøykassa der kommunane hentar verktøya dei treng for å lage ein god kommunedelplan. Dette er ein diskusjon som bør forast vidare.

5.4 Valdres Natur – og Kulturpark som rettleiande organ for framtidig utvikling av stølslandskapet i Valdres

Ei eventuell kartlegging av stølslandskapet kan også nyttast til å hente ut informasjon om kva for utvikling ein ynskjer i dette landskapet i framtida. Også her vil parken kunne bidra med

heilskaplege retningsliner for å sikre at dei viktigaste kvalitetane ved stølslandskapet vert tekne vare på.

5.4.1 Utvida betydning av omgrepet “stølsdrift”

Ein av strategiane for støling og stølslandskapet i Valdres som vert presentert i den tiårige avtalen til VNK, er å “*øke aktiviteten på stølene ved å gi begrepet stølsdrift et utvidet innhald*” (Valdres Natur-og Kulturpark 2007 s.13). Det er mogleg at ny eller fornya bruk av stølslandskapet og stølinga kan føre til auka aktivitet på stølane. Meir aktivitet bidreg til fleire stølar i drift, som i sin tur er med på og halde stølslandskapet i live. Stølslandskapet i Valdres står som tidlegare nemnt sterkt både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Men det er eit landskap som gradvis forsvinn. Kanskje vil ei mogleg løysing på problema vera å oppfordre til ein ny bruk av stølslandskapet. I den tiårige avtalen til VNK er det ikkje beskrevet nærare kva som vert lagt i omgrepet “*utvida innhald*”. Det er nokre spørsmål som burde bli stilte for å definere kva ein legg i eit “*utvida innhald*”;

- *Kva egner dette landskapet seg til?*
- *Kva for endringar er aktuelle?*
- *Kva kan desse føre med seg?*
- *Kva for konsekvensar kan det få for landskapet på kort og lang sikt?*

Støling og stølslandskapet er noko av det Valdres kan bruke for og skilje seg ut som region i framtida. Om endringane i stølslandskapet vert for store, kan ein sjå føre seg at noko av det særeigne ved Valdres kan verta borte. Det kan difor vere viktig å definere kva ein vil med stølslandskapet i framtida, og tenkje utvikling av landskapet ut frå desse målsetningane.

5.4.1 Parken si rolle som samlande organ

Denne oppgåva går ikkje vidare inn på kva for konkrete endringar som kan gjennomførast i stølslandskapet i Valdres. Det som er interessant i denne diskusjonen er å sjå kva for rolle parken kan ha i forhold til den framtidige utviklinga i stølslandskapet. Det er mogleg den viktigaste rolla til parken vil vere å fungere som eit samlande organ for alle partane i parken. Også i denne samanheng vil parken kunne vere ein kunnskapsformidlar. Det som er viktig i diskusjonen rundt kva for endringar stølslandskapet kan tole, er ei felles forståing mellom alle partane i parken, for kva ein vil med stølslandskapet i Valdres. Det må definerast kva ein vil bruke landskapet til, og kva ein vil oppnå. Ut i frå målsetningar for kva ein vil med stølslandskapet i framtida, kan ein også byrje definere kva retningsliner ein vil ha i Valdres

for utvikling av stølslandskapet. Det er kanskje ikkje parken som skal leggje retningslinene for kva som kan gjerast av endringar i stølslandskapet i Valdres, men parken kan vere møtestaden for alle involverte partar. Parken vil kunne bidra med kunnskap og råd, slik at dei ulike partane i parken kan verta einige om ei felles forståing av kva ein vil at stølslandskapet i Valdres skal vera i framtida.

Konkrete prosjekt kan vera ein god framgangsmåte for at VNK skal vere eit hensiktsmessig verktøy i forvaltinga av stølslandskapet. I nokre av dei franske regionale naturparkane arbeider dei på denne måten for å forvalte og sikre den ressursen stølslandskapet skal vera i framtida.

5.5 Erfaringar frå Frankrike

5.5.1 Plan pastoral territorial

I den regionale naturparken Parc naturel régional du Massif des Bauges i Frankrike har dei gjenkjent at stølsområda i regionen spelar ei strategisk rolle med tanke på osteproduksjon, turisme, biologisk mangfald og det “totale” landskapet i regionen. For å sikre at desse sentrale områda skal fortsetje å vera levande område, og for å sikre ei berekraftig utvikling av områda, signerte den regionale naturparken ein *Plan Pastoral Territorial* i 2008. På norsk kan dette oversetjast til ein plan for beiteområder. Denne planen definerer fire store prosjekt som det skal arbeidast med fem år fram i tid. Avgrensinga til desse prosjekta kom fyrst etter seks månader med analysearbeid/diagnostikk, der det vart definert kva dei viktigaste innsatsområda var. I Parc Naturel Régional du Massif des Bauges vart hovudprosjekta å sikre tilgang (veg) til stølane, samt sikre reint vatn og vatnlager til dei stølane som er i drift med mjølkeproduksjon. Det siste prosjektet var å etablere beitegrupper, for å integrere bøndene i utviklinga (La Région Rhône-Alpes & Parc Naturel Régional du massif des Bauges 2008 - 2013; Parcs Naturels Régionaux de France 2009). Målet med denne planen er å unngå at stølsområda gror att og vert liggande brakk då dei spelar ei viktig rolle for tursimen, landskapet og den økonomiske verdiskapinga i regionen (Parcs Naturels Régionaux de France 2009).

Dette er idear det er mogleg å overføre til VNK. Også her spelar stølsområda ei viktig rolle, og gjennom ein slik plan vil ein kunne fokusere i større grad på nokre få prosjekt. Ein då kunne frigjere både tid og ressursar til konsentrere seg rundt eit tema, og ein vil mest sannsynleg kunne sjå resultat etter fem år. Ved å nytte ein slik plan vil VNK kunne vere eit hensiktsmessig verktøy i forvaltinga av stølslandskapet i Valdres.

5.6 Framtidig strategi for Valdres Natur – og Kulturpark

Med utgangspunkt i det som er drøfta i denne diskusjonen, er det tydeleg at langsiktig tenking er eit viktig aspekt for at VNK skal kunne vere ein sentral aktør i stølslandskapsforvaltninga. Om parken vel å fokusere arbeidet sitt rundt nokre få og langsiktige prosjekt vil det kanskje i større grad verta mogleg å få gjennomført prosjekta. I tillegg vil parken kunne verta meir tydelege på kva dei konkret arbeider med, og kommunisere dette til lokalbefolkninga. Slik vil kanskje forankringa av parken og arbeidet parken gjer verta betre forankra hjå lokalbefolkninga.

Denne diskusjonen har sett på korleis VNK kan vere eit hensiktsmessig verktøy i forvaltninga av stølslandskapet i Valdres. Gjennom å vere ein godt forankra samarbeidsplattform for dei ulike partane i parken, kan parken bidra til å skape eit felles rammeverk for forvaltninga av stølslandskapet i Valdres. Ei felles kartlegging og prioritering av stølsområda kan vere ein måte parken kan bidra for å skape eit slikt felles rammeverk. Om ein ser på det arbeidet som vert gjort ved dei franske regionale naturparkane er det særleg to element som er interessante for VNK. Det fyrste er å gjennomføre nokre få og konkrete prosjekt knytt direkte opp til stølslandskapet. Det andre er å ha større fokus på VNK som kunnskapsformidlar og rådgjevande instans for dei ulike partane i parken. Om ein klarer å forvalte stølslandskapet på ein god og heilskapleg måte kan dette landskapet vera eit godt utgangspunkt for ei brei verdiskaping. Dette kan mellom anna kan gje økonomisk vekst i regionen. Om ein får eit auka fokus på dei ressursane som ligg i stølslandskapet, vil ein kunne nytte dette landskapet i den framtidige utviklinga av Valdres.

5.7 Refleksjonar

Når arbeidet med denne oppgåva starta hadde eg allereie gjort meg nokre tankar kring kva eg trudde var viktig for at VNK skulle vere eit godt verktøy for forvaltninga av stølslandskapet i Valdres. Det eg trudde var viktig var at det burde vera juridisk bindande avtaler, at det burde vera meir økonomiske midlar til parken og at det burde vera så mykje makt til parken som mogleg. Eg tenkte at gjennom å gje avgjerds makt til parken ville ein kunne sikre ei god og heilskapleg forvaltning av stølslandskapet. Undervegs i prosessen forandra dette perspektivet seg. Gjennom arbeidet med oppgåva såg eg at parken i staden burde spela ei viktig rolle som kunnskapssenter, møteplass og rådgjevande instans. Denne endringa av kurs kom nok gradvis, men det vart veldig tydeleg for meg under ein samtale med ei i parkadministrasjonen i den franske regionale naturparken Parc Volcans d`Auvergne. I denne samtalen fekk eg innsikt i

korleis denne parken fungerer. Det kom tydeleg fram at denne parken har ei viktig rolle som rådgjevar både innan tekniske og juridiske emne, kanskje særleg ovanfor bøndene i parken. Resultatet av denne prosessen kjem fram av diskusjonen. Eg ser no kor verdifullt det kan vere med ein regionalpark, der ein basert på eit frivillig samarbeid kan skape eit felles rammeverk blant anna for forvaltinga av stølslandskapet. Det viktigaste er ikkje at parken skal ha juridisk makt. Fokuset burde heller vere å auke kunnskapen rundt kva ein regionalpark faktisk kan bidra med og setje dette ut i praksis. Denne prosessen har vore krevjande og særst lærerik for meg. Det har vorte klarare for meg kva ein regionalpark er og korleis denne kan vere ein viktig aktør i landskapsforvaltinga. Eg har stor tru på regionalparkar som gode verktøy for forvalting av landskap med stor verdi.

6.0 Avslutning

Denne oppgåva har hatt som føremål å sjå nærare på kva funksjon ein regionalpark kan ha i forvaltinga av verdifulle landskap. Med utgangspunkt i VNK har det blitt sett på korleis denne parken kan vere eit hensiktsmessig verktøy i forvaltinga av stølslandskapet i Valdres. Det har i all hovudsak blitt nytta eit litteraturstudie, samt nokre djubdeintervju, for å freiste finne svar på dette. Det vart gjennomført eit eksempelstudie frå Valdres, for å sjå kva for utfordringar som knyter seg til stølslandskapet, samt kva VNK har bidrege med i forvaltinga av dette landskapet. Det kom fram i drøftinga at ei god forankring av VNK lokalt er eit viktig grunnlag for at parken skal kunne vere ein aktør i stølslandskapsforvaltinga. Vidare vart det drøfta korleis VNK, gjennom konkrete tiltak i form av ei heilskapleg kartlegging av stølslandskapet og utarbeiding av eit felles rammeverk for forvaltinga, kan vere eit godt verktøy i stølslandskapsforvaltinga. Særleg er det viktig med langsiktig tenking for at parken skal kunne gjennomføre gode prosjekt som kan bidra positivt i forvaltinga. På denne måten kan regionalpark vere eit hensiktsmessig verktøy i forvaltinga av verdifulle landskap.

7.0 Litteraturliste

- Association pour la Promotion des Agriculteurs du Parc naturel régional du Vercors. (2008). *L'APAP une communauté pour exister*. Tilgjengelig fra: <http://www.apapvercors.com/apap/index.php> (lest 20.04.2012).
- Bjørnstad, K. (2010a). *Lokale og regionale parker i Norge*. Tilgjengelig fra: http://www.heiplanen.no/files/Download/lokale%20og%20regionale%20parker%20i%20norge_kriterier_parknettverket_280510.pdf (lest 01.02.2012).
- Bjørnstad, K. (2010b). Regionalparker i Europa. I: Haukeland, P. I. (red.) *Landskapsøkonomi*, s. 169-191: Telemarksforskning.
- Brandtzæg, B. A. (2010). Landskapsforvaltning. Aktører, virkemidler og samordning for en bred verdiskaping. I: Haukeland, P. I. (red.) *Landskapsøkonomi*, s. 133-146: Telemarksforskning.
- Circulaire du 15 Juillet 2008, relative au classement et au renouvellement de classement des parcs naturels régionaux et à la mise en oeuvre de leurs chartes*. (2008). Tilgjengelig fra: http://www.ineris.fr/aida/?q=consult_doc/navigation/2.250.190.28.8.2607/5/2.250.190.28.6.2474 (lest 09.02.2012).
- Daugstad, K. & Sæter, S. (2001). *Seterliv*. Oslo: Det Norske Samlaget. 156 s.
- Det kongelige miljøverndepartement. (2004 - 2005). *St.meld. nr. 16. Leve med kulturminner*. Tilgjengelig fra: <http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20042005/016/PDFS/STM200420050016000DDPDFS.pdf> (lest 8.5.2012).
- Det kongelige miljøverndepartement. (2006-2007). *St.meld.nr.26. Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Tilgjengelig fra: <http://www.regjeringen.no/pages/1971944/PDFS/STM200620070026000DDDDPDFS.pdf> (lest 01.02.2012).
- Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren & Statens landbruksforvaltning. (2008). *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket*. Tilgjengelig fra: http://www.regjeringen.no/upload/LMD/Fylkesnytt/vedlegg/Rog_Utvalde_kulturlandskap_DN.pdf (lest 21.02.2012).

Direktoratet for naturforvaltning. (2010). *Verdensarvkonvensjonen (WHC)*. Tilgjengelig fra: <http://www.dirnat.no/naturmangfold/internasjonalt/avtaler/verdensarvkonvensjonen/> (lest 25.02.2012).

Direktoratet for naturforvaltning. (2011a). *Konvensjonen om biologisk mangfold (CBD)*. Tilgjengelig fra: <http://www.dirnat.no/naturmangfold/internasjonalt/avtaler/cbd/> (lest 25.02.2012).

Direktoratet for naturforvaltning. (2011b). *Naturbase*. Tilgjengelig fra: http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3_viewer.asp (lest 17.04.2012).

Egeland, I. V. (2011, 18. november). Flere flytter til Valdres. *Avisa Valdres*.

Fédération des Parcs naturels régionaux de France. *Ardennes, 47e Parc naturel régional français depuis le 21 décembre*. Tilgjengelig fra: <http://www.parcs-naturels-regionaux.fr/fr/accueil/> (lest 09.02.2012).

Fédération des Parcs naturels régionaux de France. *La Fédération*. Tilgjengelig fra: <http://www.parcs-naturels-regionaux.fr/fr/approfondir/federation.asp> (lest 09.02.2012).

Fédération des Parcs naturels régionaux de France. *Qu`est-ce qu`un parc?* Tilgjengelig fra: <http://www.parcs-naturels-regionaux.fr/fr/approfondir/qu-est-ce-qu-un-parc.asp> (lest 09.02.2012).

Flåten, I. E. (1992). *Prosjekt STØLSVIDDA - Framtid for stølslivet? Delprosjekt Kulturlandskap og kulturmarkstypar på Tyrisholt*. Fagernes: Valdres Folkemuseum.

Haukeland, P. I. (2010a). Det landskapsøkonomiske perspektiv. I: Haukeland, P. I. (red.) *Landskapsøkonomi*, s. 25-50: Telemarksforskning.

Haukeland, P. I. (2010b). Innledning. I: Haukeland, P. I. (red.) *Landskapsøkonomi*, s. 9-24: Telemarksforskning.

Kommunal - og regionaldepartementet. (2004-2005). *St.meld. nr. 25. Om regionalpolitikken*. Tilgjengelig fra: <http://www.regjeringen.no/nr/dep/krd/Dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/20042005/stmeld-nr-25-2004-2005-.html?id=407319> (lest 27.04.2012).

Kotler, P. (2005). *Markedsføringsledelse*: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Kulturminneloven. (1978). *Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50.*

Kvissel, I. (1992). *Prosjekt STØLSVIDDA - Framtid for stølslivet? Delprosjekt Bygningsmiljøet.* Fagernes: Valdres Folkemuseum.

La Région Rhône-Alpes & Parc Naturel Régional du massif des Bauges. (2008 - 2013). Plan Pastoral Territorial. Parc Naturel Régional du Massif des Bauges (Savoie - Haut Savoie).

Miljølære.no. *Kulturminner, kulturmiljøer og kulturlandskap.* Tilgjengelig fra: <http://miljolare.no/tema/kulturminner/artikler/kulturminner-miljoer-landskap.php> (lest 7.5.2012).

Miljøstatus. (2011). *Konvensjonen om biologisk mangfold:* Direktoratet for naturforvaltning,. Tilgjengelig fra: <http://www.miljostatus.no/Tema/Naturmangfold/Internasjonale-konvensjoner/Konvensjonen-om-biologisk-mangfold/> (lest 25.01.2012).

Miljøstatus. (2012). *Kulturlandskap.* Tilgjengelig fra: <http://www.miljostatus.no/Tema/Kulturminner/Kulturlandskap/> (lest 7.5.2012).

Norderhaug, A. (1999). *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker.* [Oslo]: Landbruksforl. 252 s.

Norderhaug, A. (2006). *Utmarksbeite - en driftsform med lang tradisjon.* Tilgjengelig fra: http://www.beiterett.nsg.no/doc/Prosjekt_beiterett/Verdisetting%20av%20beitebruk/Utmarksbeite-en%20driftsform%20med%20lang%20tradisjon.pdf (lest 19.03.2012).

Norges Geologiske Undersøkelse. (2011a). *Berggrunn. Nasjonal berggrunnsdatabase.* Tilgjengelig fra: <http://geo.ngu.no/kart/berggrunn/> (lest 16.04.2012).

Norges Geologiske Undersøkelse. (2011b). *Løsmasser. Nasjonal løsmassedatabase.* Tilgjengelig fra: <http://www.ngu.no/kart/losmasse/> (lest 16.04.2012).

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. *Landskapsregioner, med prosentvis fordeling av fylkets totalareal. Oppland.* Tilgjengelig fra: http://kart2.skogoglandskap.no/landskap/Fylkeskart/lreg_F05_150dpi.pdf (lest 14.04.2012).

Norsk kulturarv. (2009). Den nasjonale kulturlandskapsprisen 2009 til Norherad. *Kulturarven* (48).

Nærings - og handelsdepartementet. (2007). *Regjeringens reiselivsstrategi. Verdifulle opplevelser. Nasjonal strategi for reiselivsnæringen*. Tilgjengelig fra: http://www.regjeringen.no/upload/NHD/Vedlegg/strategier2007/nhd_reiselivsstrategi%20-%20endelig%20utgave.pdf (lest 10.5.2012).

Oppland fylkeskommune, Hedmark fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Buskerud fylkeskommune & Telemark fylkeskommune. (2004). *Samfunnsutvikling i fjellregionen*. Tilgjengelig fra: <http://eeva-leena.net/fjell/images/uploads/Programforslag.pdf> (lest 8.5.2012).

Parcs naturels régionaux de France. (2007). *Les Parcs naturels régionaux: 40 ans d'histoire*. Tilgjengelig fra: http://www.parcs-naturels-regionaux.fr/upload/doc_telechargement/grandes/Histoire-40%20ans.pdf (lest 02.05.2012).

Parcs naturels régionaux de France. (2008). *Argumentaire, 50 questions-réponses sur les Parcs naturels régionaux*.

Parcs Naturels Régionaux de France. (2009). *Publicité et Paysage: vers une résolution du conflit. Magazine de la Fédération des Parcs Naturels Régionaux de France* (62).

Parknytt. (2011). *Nasjonal satsing etablerer park som ny modell for lokalt og regionalt utviklingsarbeide. Stor betydning for lokal bygdeutvikling og verdiskaping*. Tilgjengelig fra: <http://parknytt.wordpress.com/2011/08/29/nasjonal-satsing-etablerer-park-som-ny-modell-for-lokalt-og-regionalt-utviklingsarbeide-stor-betydning-for-lokal-bygdeutvikling-og-verdiskaping/> (lest 28.04.2012).

Puschmann, O. (2005a). *Landskapsregion 11 Øvre dal- og fjellbygder i Oppland og Buskerud*. Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner., b. NIJOS-rapport 10/2005. Ås: Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Puschmann, O. (2005b). *Landskapsregion 14 Fjellskogen i Sør-Norge*. Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner., b. NIJOS-rapport 10/2005. Ås: Norsk institutt for jord- og skogkartlegging.

Regjeringen. (2000). *Europeisk landskapskonvensjon*. Firenze: Miljøverndepartementet. Tilgjengelig fra: http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/tema/planlegging_plan-og_bygningsloven/landskapskonvensjonen/om-konvensjonen/europeisk-landskapskonvensjon-norsk-teks.html?id=426184 (lest 21.01.2012).

- Regjeringen. (2009a). *Den europeiske landskapskonvensjonen*: Miljøverndepartementet. Tilgjengelig fra: <http://www.regjeringen.no/pages/2267750/DenEuropeiskeLandskapskonvensjonen.pdf> (lest 24.01.12).
- Regjeringen. (2009b). *Konvensjonen om biologisk mangfold - CBD*: Fiskeri - og kystdepartementet. Tilgjengelig fra: http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/tema/hav-og_kystmiljo/konvensjonen-om-biologisk-mangfold--cbd.html?id=437328 (lest 25.01.2012).
- Reinton, L. (1957). *Sæterbruket i Noreg*. Oslo: Aschehoug.
- Reinton, L. (1969). *Til Seters. Norsk seterbruk og seterstell* Oslo: Det Norske Samlaget. 146 s.
- Riksantikvaren. (2000). *Seterbruk i Oppland. Status og utfordringer*. 70 s.
- Riksantikvaren & Direktoratet for naturforvaltning. (2005). *Strategi for arbeid med landskap*. Tilgjengelig fra: http://www.riksantikvaren.no/filestore/strategi_landskap.pdf (lest 8.5.2012).
- Riksantikvaren. (2011). *Oppland- Valdres. Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet*.
- Sickel, H. & Norderhaug, A. (2007). The norwegian summer farming landscape. I: Pedroli, B., van Doorn, A., de Blust, G., Paracchini, M. L., Wascher, D. & Bunce, F. (red.) *Europe's living landscapes*, s. 67 - 83. Zeist: KNNV publishing.
- Sickel, H. & Svalheim, E. (2010). *Seterlandskapet - der fjell og skog møtes*: SABIMA.
- Statens landbruksforvaltning, Direktoratet for naturforvaltning & Riksantikvaren. (2007). *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket*. Tilgjengelig fra: http://www.dirnat.no/multimedia/1354/070702_FERDIG20RAPPORT20KULTURLANDSKAP2007.pdf&contentdisposition=attachment (lest 8.5.2012).
- Statens landbruksforvaltning. (2012). *Statistikk fra søknader om produksjonstilskudd i jordbruket*. Tilgjengelig fra: <http://32.247.61.17/skf/prodrapp.htm> (lest 01.05.2012).
- Svardal, S., Bjørnstad, K. & Clemetsen, M. (2008). Regionalpark som utviklingsstrategi: en introduksjon. *TF-notat* (16).

- Svardal, S. (2010). Frå landbrukspolitik til innovativ landskapspolitikk. I: Haukeland, P. I. (red.) *Landskapsøkonomi*, s. 109-132: Telemarksforskning.
- Svardal, S., Bjørnstad, K. & Clemetsen, C. (2010). Regionalpark som utviklingsstrategi. I: Haukeland, P. I. (red.) *Landskapsøkonomi*, s. 147-165: Telemarksforskning.
- Valdres Natur-og Kulturpark. *Avtaleverk og program*. Tilgjengelig fra: <http://www.valdres.no/no/avtaleverk.html> (lest 08.03.2012).
- Valdres Natur-og Kulturpark. *Flytt til Valdres og få livskvalitet!* Tilgjengelig fra: <http://www.valdres.no/no/bu-og-jobb-i-valdres/arbeid-og-bustad.html> (lest 01.03.2012).
- Valdres Natur-og Kulturpark. *Kulturlandskapet. Biologisk mangfold*. Tilgjengelig fra: <http://valdres.no/no/natur/valdresnaturen/kulturlandskapet.html>.
- Valdres Natur-og Kulturpark. (2007). *Avtale 2007 - 2017. En tiårig plan for Lokalsamfunnsutvikling i Valdres*.
- Valdres Natur-og Kulturpark. (2008a). *Vedtekter/samarbeidsavtaler om VNK 2008-2011*. Tilgjengelig fra: <http://www.valdres.no/no/avtaleverk.html> (lest 16.03.2012).
- Valdres Natur-og Kulturpark. (2008b). *Veileder i landskapstilpasning og byggeskikk for Valdres. Innlandsbyseminaret 2008*.
- Valdres Natur-og Kulturpark. (2011a). *Nedlegging av Fosheim det beste som kunne skje...* Tilgjengelig fra: <http://www.valdres.no/no/aktuelt-og-ver/nyheitsarkiv/1147-nedlegging-av-fosheim-det-beste-som-kunne-skje.html> (lest 29.03.12).
- Valdres Natur-og Kulturpark. (2011b). *Rettleiar i byggeskikk og tilpasning til landskap*. 38 s.
- Valdres Natur-og Kulturpark. (2012a). *18 000 hytter*. Tilgjengelig fra: <http://www.valdres.no/no/aktuelt-og-ver/nyheitsarkiv/1242-oslo-ordforer-fabian-stang-tar-imot-valdres-pa-lordag.html> (lest 18.04.2012).
- Valdres Natur-og Kulturpark. (2012b). *Årsoppsummering i VNK*. Tilgjengelig fra: <http://www.valdres.no/no/aktuelt-og-ver/nyheitsarkiv/1220-arsoppsummering-i-vnk.html> (lest 31.03.12).
- Weydahl, P. A. (1992). *Delprosjekt STØLSVIDDA - Framtid for stølslivet? Delprosjekt Landbruket på stølsvidda*. Fagernes: Valdres Folkemuseum.

Østbye, T. (1992). *Prosjekt STØLSVIDDA - Framtid for stølslivet? Vegetasjon og Fugl*.
Fagernes: Valdres Folkemuseum.

8.0 Vedlegg

Vedlegg 1

Intervju 1

9.3.2012

Kvinne ca. 50 år

Arbeider innan offentlig forvaltning

1. Kva er etter ditt syn det spesielle med Valdres? (Kva er kvalitetane i Valdres?)

Mange beitedyr på utmarksbeite og aktive stølar i drift.

Beitelandskap (kulturlandskap) frå fjord til fjell. Alle nivå/sjikota er nytta, sjølv skogbeltet som grenser til fjellstølen har vore nytta som beitemark. Dette er spesielt for Valdres. Gunstige forhold (jord, fuktighet..), helningsgraden er god (samanlikna med vestlandet..)

Stavkyrkjene – Har vore mange stavkyrkjer her, fleire enn i Hallingdal.. Har også satt sitt preg på Valdres.

2. Korleis vil du beskrive landskapet i Valdres? (Kva er Valdres-landskapet for deg?)

Landskapet heng saman, progresjon frå Vassfaret til Vang, eller endring, ikkje frå dårleg til betre, men ei endring.

Det er eit stort mangfald i landskapet, kontrastar.

Ekstra spørsmål: Kva med “Valdres- identitet”?

Det er ein sterk fellesfølelse og felles identitet i Valdres. Elles god arbeidsmoral, leverer kvalitet.

3. Kva vil du seie kjenneteiknar landbruket i Valdres fram til i dag, og kva framtid har landbruket i Valdres?

Små gardar i forhold til resten av Noreg og internasjonalt.

Enorme ressursar i fjellområda (reindrift, utmark..) – Kom folk frå Hedmark og brukte områda.

Organisert bruk av fjellet som har vore hårfin og grundig, med avtaler og felles rettigheter.

Få klasseskiller – døme: husmenn kunne også bruke stølen.

Framtid:

Moderniseringa bør ta med seg kulturarv og naturarv vidare – dette handlar om å behalde identitet..

Vanskelig å vera med i “konkurransen”. For at fjellbygdene skal overleve må ein spele på dei kvalitetane ein har der.

Fellesfjøs – mange bønder tenkjer dette er løysinga, - er det det?

Store samvirke – mjølk blir levert i Oslo, då behovet kanskje hadde vore å kjøre særeigne produkt frå Valdres.. Det er ikkje lagt opp til at ein kan skilje dei ulike regionane frå kvarandre i produkt..

4. Kva slags omdømme har stolar og stolslandskapet i Valdres i dag?

Valdrisen har kjærleik for stølen sin – sit i ryggmarg.

Men; merksame på at ein ikkje skal vere romantisk, men realistisk.

Det er ikkje valdrisen som nyttar gards - og stølstilbodet..

5. Kva er etter di meining den største trusselen mot stølslandskapet i Valdres framover?

At Landbruket blir borte. Ein må ynskje ei endring.

6. Kva endringar er akseptable, eller kva synest du kan tolast av endringar for å halde kulturpreget og aktivitetar knytt til stølslandskapet ved like?

Burde gå ann å gjere ein del forandringar såframt det vert gjort i same ånd, at det ikkje vert oppfatta som eit fremmedlegeme.

Kan berre sjå i andre land, eksempelvis i Austerrike der dei har introdusert heilt moderne bygg men der det er (visuelt) tilpassa slik at ein assosierer det med resten. Kvalitetane vert vidareført. Då vert det ikkje eit fremmedlegeme.

Men dette må ein ha eit bevisst forhold til.

8. Har Valdres Natur - og Kulturpark hjulpt til på noko vis i forvaltinga av stølslandskapa fram til i dag?

Byggeskikk-veileder (ny i år)

Nokon konkrete områder der dei har gått inn med midlar (Kulturminnefondet).

Kurs – i gamle handverksmetodar.

Men; det er blitt gjort for lite, -har vore mykje fokus på kulturminner

9. Er stølslandskapet nytta i marknadsføringa av Valdres, eventuelt på kva måte, og har Valdres Natur – og Kulturpark vore aktive i denne marknadsføringa?

Stølslandskapet kan bli brukt endå meir i marknadsføringa. Til dømes kan eit nytte bilete som i større grad viser/legg vekt på stølslandskapet.

10. Kva for nye tiltak kan Valdres Natur - og Kulturpark ta i bruk for å møte dei framtidige utfordringane for stølslandskapa i Valdres?

Kunnskapsnivå – Kunnskap om korleis skjømte kulturlandskap (stølslandskap).

Har gode reiskaper til å plukke ut/prioritere område.- Det er gjort mange registreringar både innan kulturminner, naturgrunnlag osv. Det som må til er å setje dette i samanheng, og bruke det i ei kartlegging av stølslandskapa i Valdres.

Ut frå denne kartlegginga kan ein prioritere områder.

Ein slik plan vil kunne bidra til å skilje områder frå kvarandre,- og kvart område kan få ulik prioritering, til dømes ein stad der det biologiske mangfaldet er særskild viktig, andre stader er det kulturminnene som står i sentrum, og andre stader att er det visuelle (til dømes siktliner..) som er det viktigaste.

Valdres Natur – og Kulturpark har ikkje hatt ein strategi for forvaltninga av stølslandskapet, - med arbeidet rundt ei slik heilskapleg kartlegging er i gang, noko som kanskje/mest sannsynleg vil bunne ut i ein strategi. Mykje av grunnarbeidet, registreringane er allerede gjort.

Anna:

Valdres Natur – og Kulturpark vart ikkje etablert frå grasrotnivå, slik regionalparkar ofte er, men frå eit administrativt nivå. Dette har ført til at den lokale forankringa ikkje har vore slik ein kunne ynskje, og at det tek meir tid å forankre lokalt, då initiativet kom frå lenger opp.

Det regionale arbeidet har ikkje vore godt nok forankra i landbruket, noko som fører med seg utfordringar.

Når det gjeld kommunane som har forplikta seg til regionalparken så er Valdres Natur – og Kulturpark godt forankra i kommunane, - det vert ikkje skilt mellom park og kommune.

Det er eit inntrykk av at dialogen mellom kommunane og Valdres Natur – og Kulturpark i dag er god, noko som gjer det enklare å få gjennomført charteret (det er ikkje sanksjonar om ein ikkje fyljer charteret..).

I tillegg er Valdres Natur – og Kulturpark forankra i eit styre der både ordførarar frå kvar kommune, og representantar frå næringslivet er representert.

Viljen hos bøndene er særst viktig, - eit ynskje om endring..-Intensivering og modernisering er kanskje ikkje løysinga på alle problem..

Det står fortsatt att ein jobb for å forankre regionalparken hos lokalbefolkninga, og å bruke Valdres Natur – og Kulturpark som ein sosial møtestad, ein kunnskapsformidlar, og eit organ som kan bidra til å auke motivasjon og stoltheit særleg hos bøndene.

Vedlegg 2

Intervju 2

21.2.2012

Mann ca. 60 år

Har hatt hytte i Valdres sidan 1985.

1. Kva er etter ditt syn det spesielle med Valdres? (Kva er kvalitetane i Valdres?)

Naturen er spesiell, rik fauna både på planter og dyr.

Stilheden, - ikkje så store mengder menneskje.

Nærleik til det opphavlege.

Stor variasjon i naturopplevingar.

Men: ser fortettinga, gjengroinga, har sett det frå 1987 fram til i dag. Åpenheten som har vore karakteristisk ved landskapet forsvinn. Mindre ville dyr og mindre husdyr (kyr og sau) enn før.

2. Korleis vil du beskrive landskapet i Valdres? (Kva er Valdres-landskapet for deg?)

Stor variasjon/mangfald i landskapet, frå skogsområde, til fjellområde, til Jotunheimen. Har heile breidda i naturen.

3. Kva vil du seie kjenneteiknar landbruket i Valdres fram til i dag, og kva framtid har landbruket i Valdres?

Nokre store gardar langs strandefjorden, elles små gardar, som ofte ligg kronglete til. Kan ikkje skjøne det er særlig lønnsamt. For framtida tenkjer intervjuobjektet at dette ikkje kan vere veldig attraktivt.

4. Kva slags omdømme har stølar og stølslandskapet i Valdres i dag?

Stølslandskapet har eit godt omdømme ovanfor dei tilreisande. Det er verdifult med drift, og verdifult med eit levande landskap.

Stølsdrift og stølslandskapet inneber nærleik til naturen og eit område som er levande.

5. Kva er etter di meining den største trusselen mot stølslandskapet i Valdres framover?

Landbruket, - drifta av stølane opphører.

6. Kva endringar er akseptable, eller kva synest du kan tolast av endringar for å halde kulturpreget og aktivitetar knytt til stølslandskapet ved like?

Rom for fornying (det viktigaste er at det er eit område med liv og aktivitetar..), men ein skal vere forsiktig, ikkje ende opp med noko à la Beitostølen. Det er heller ikkje eit mål å oppretthalde ei kunstig drift...

7. Kva forbinder du med namnet Valdres Natur - og Kulturpark?

Eit nytt omgrep, har hørt det, men har ingen klar oppfatning av kva dei skal gjere.

Har generelt inntrykk av at Valdres har vore prega av lite strategi – mange tilfeldigheter.

Valdres Natur - og Kulturpark er eit fint namn, men det må byggast ein innhald til dette namnet. Både kvalitative tilbod (landskapet, turterreng++) og service tilbod.

9. Kva for nye tiltak kan Valdres Natur - og Kulturpark ta i bruk for å møte dei framtidige utfordringane for stølslandskapa i Valdres?

Gje økonomisk støtte. Samt vere bevisst at eit reiselivstilbod rundt stølslandskapet ikkje er nok for å oppretthalde støling og stølslandskapet.

Anna:

Valdres har vore lite konsise i kommunikasjon utover. Til dømes ulike nettsider, vanskeleg å navigere seg fram..

Valdres er ein region med mykje natur og kultur, mykje historie. Bygge meir på dette, bruke desse kvalitetane.

Har skjedd store forandringar frå 1987 fram til i dag; då særleg ser ein dette på at det har grodd igjen, mykje mindre beitedyr.

Bør kanskje slå saman/sjå alle stølsområda i Valdres under eitt, uavhengig av kommunane, og gjere eit val der ein prioriterer to-tre viktige stølsområda, så får dei andre heller dø ut. Elles vert det for store areal å halde i hevd.

Parken/Valdres må ta langsiktige val, velje seg ut nokre prosjekt og ha tillit til desse prosjekta på trass av kva som er moderne. Ta Lange val! Basert på dei kvalitetane som er i regionen, natur opplevingane, stølslandskapet, mangfald i landskap..

Intervju 3

12.3.2012

Mann ca. 45 år

Arbeider i offentlig forvaltning, samt er mjølkebonde

1. Kva er etter ditt syn det spesielle med Valdres? (Kva er kvalitetane i Valdres?)

Mykje natur, men det er det også andre plasser. Det mest særeigne med Valdres er absolutt stølslandskapet.

Intervjuobjektet er gjennom stillinga si vand med å vise fram Valdres til utanforståande, og då er det stølslandskapet som vert vist fram.

2. Korleis vil du beskrive landskapet i Valdres? (Kva er Valdres-landskapet for deg?)

Mangfaldig.

Daler, grønt og fint, jordbrukseiegedomar, bygningar og andre bustader. Ser fint ut.

Stølslandskapet er meir karrig, men vert brukt, og ser nok særeige ut for tilreisande. Det ville fjellet i Jotunheimen.

Beltet 800-1000 m.o.h. er det intervjuobjektet ser på som særst vakkert; tjern til fiske, utmarksbeite, eit landskap som opnar seg.

Klimatisk stort spekter.

“Vakre, varierte Valdres” beskriv det godt.

3. Kva vil du seie kjenneteiknar landbruket i Valdres fram til i dag, og kva framtid har landbruket i Valdres?

Mangfald ved at ein nyttar utmark til stølslandskap.

Topografi – vil ut frå denne aldri klare å drive veldig stort. Små “lappar” med jorde osv.

Valdres-landbruk – Mange små gardar.

Veldig mange gardsbruk har ekstra inntektskjelde – dette er ikkje nytt, historisk var det slik at nokon laga skåp, andre kremar, andre ystar..

Tilpassar oss dei naturgitte føresetnadene for å drive

Framtid:

Om det fortsett i same spor – ikkje veldig optimistisk. “Har gitt den same medisinen, som ikkje fungerer, dei siste tjue åra”

Må finne andre måtar å stimulere landbruket i Valdres på. Har forventningar til den nye landbruksmeldinga.

Det har vore ein dramatisk nedgang.

Må tilby hjelp for å setje i gang med tilleggsnæringar. Redning; klare å etablere tilleggsaktivitetar på garden. Kombinere med andre næringar. Inn på tunet, snikkarverkstad og liknande.

Tilskotsordning bør ha fokus på rom for fornying. Om det skal vere eit oppegåande landbruk om tjue år, må det vera rom for å investere..

Faglag/landbruksnæring: punkterer seg sjølv litt, me skal vera som dei på flatbygdene. Skal ikkje to-dele landbruket... Men det bør vera sterkare differensiering mellom fjellregionane og flatbygdene.

Stimulere til vidareutvikling. –Slik at ein om tjue år er i stand til å stå på eigne bein, basert på det særeigne frå regionen.

Ein veit, frå forskning, at smaken er forskjellig både på kjøt og mjølk i Valdres! Spele på dette, og ta ut meirverdien i det.

4. Kva slags omdømme har stølar og stølslandskapet i Valdres i dag?

Har godt omdømme i dag med det har vore i bølgedalar. Ser det frå landbruket si side, stolthet i dag, for tjue år sidan var det ikkje denne stoltheten. Kanskje Valdres Natur – og Kulturpark har bidrege her.

Vilje og behov(!) for å støle

Både besøkande og lokale: godt omdømme, og styrka stoltheitskjensle rundt dette.

5. Kva er etter di meining den største trusselen mot stølslandskapet i Valdres framover?

Landbruket – landbrukspolitikken me har no.

(Rammefaktorar rundt landbruket; ny næring, Sosialt (samhold), Randsoner hyttelandskap og stølslandskap.)

Landbruksnæringa bør begynne og sjå på moglegheiter rundt hyttefolk.

6. Kva endringar er akseptable, eller kva synest du kan tolast av endringar for å halde kulturpreget og aktivitetar knytt til stølslandskapet ved like?

Vanskelig å svare på..

7. Har Valdres Natur - og Kulturpark bidrege på noko vis i forvaltinga av stølslandskapet fram til i dag?

Har bidrege til større bevissthet og stolthet

8. Kva for nye tiltak kan Valdres Natur - og Kulturpark ta i bruk for å møte dei framtidige utfordringane for stølslandskapa i Valdres?

Det er ein veg å gå internt i Valdres – særleg i samband med landbruksnæringa. Faglaga vart nesten “motpart” ved etableringa av Valdres Natur – og Kulturpark.

Rammevilkår må vera til stades.

Indre stolthet-stolt av Valdres og Valdres-kulturen. For å få til dette: Involvere innbyggerane

Fjellregionane bør kanskje stå saman for gode rammevilkår?

Valdres Natur – og Kulturpark bør kanskje verta tydlegare på prosjekt, velje ut “kampsak”, kanskje er det lettare å nå ut til lokalbefolkning slik? Mange gode prosjekt i dag..

Me ynskjer ein kultur der ein kan sjå moglegheitene og gripe dei.

Anna:

Det må til nye rammevilkår for Valdres (og dei andre fjellregionane..) for at det skal vera mogleg å fortsetje med gardsdrift i Valdres. Dette kan Valdres Natur – og Kulturpark bidra til å gjennomføre.

Ei todeling av det norske landbruket kan kanskje vere ei løysing, der det vert gjenkjent at føresetnadene for å drive gard er ulike på flatbygdene og i fjellregionane.

Ei vilje til å fylje opp Valdres Natur – og Kulturpark – Kan vere ulikt i dei ulike kommunane, men dei fleste kommunane har skjønt at dei er for små til å stå aleine og ha gjennomslagskraft..

Motivasjon og stolthet er viktig! –Nøkkelfaktor?

Hytteturistar viktigaste inntektskjelde når det gjeld reiseliv. Bør fokusere meir på kva stølslandskapet og hyttelandskapet kan gjere for kvarandre, korleis desse kan “leve i lag” på best mogleg måte.

Behov for intern marknadsføring av Valdres Natur – og Kulturpark.

